


Vågå – gard og slekt



Holongsøyen og Rusten

Av Knut Raastad, desember 2024



Bersveinstugu. Foto frå Norske gardsbruk.

Gard og slekt

Vågå har ikkje bygdabok i form av gard- og slektshistorie. Men på 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til slik historie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljingar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljingar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøkjing av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.

Holongsøyen og Rusten

I ei sak om Rusten og Holongsmorken stadfesta i Høgsterett i 1704 vart det avgjort at Rusten ikkje var allmenning, men full eige til Snerle og Bjørnstad. Christen Bjørnstad n. som førde saka hadde avtala med Snerlemennene at viss dei vann saka skulle Bjørnstadgardane få del i Holongsmorken saman med Snerle etter skylda på gardane. Dette er bakgrunnen for at Bjørnstad hadde eigedom i Holongsøyen. I avtale om Holongsøyen sameige i 1727 går det fram at nedre Bjørnstad skulle behalde den plassen som husmannen hans hadde innhegna, dette viser truleg at Øyen var etablert før 1727. Knut Pålsen Øy selde i 1747 nördre Snerle skyld 1 hud til Siver Guldbrandsen Snerle, unnateke var plassen Hollongsøyen og ein del skog; dermed kom dette under Øy. I avtale om sameiga i 1727 går det fram at Tore Siversen øvre Bjørnstad skulle behalde den lykkja som han hadde innhegna, dette kan ha vore Brekka eller Rundhaugen. Ole Syversen Bjørnstad på øvre Bjørnstad selde i 1788 skogen sin i Hollongsmorken og Rusten til Iver Thorsen Håkenstad, dermed kom Rundhaugen og Brekka under Håkenstad. Dei andre bruka sør for Holongen er frådelt frå Snerlegardane. Hollongsmorken og Rusten vart skifta og delt i 1801. Bruka på Rusten er frådelt frå Snerlegardane og nedre Bjørnstad.

Området nord for Holongen var frå gammalt eigd av oppigard og nigard Sør-Sandbu, dette omfatta både Haugen, Lien og Myrum. Lengst vest i Hologsøyen hadde Sørem eit område, Bjørgen er frådelt frå dette. Nördre og søre Haugen var tidleg matrikulerte bruk, men elles er alle bruka i Holongsøyen og Rusten frådelt frå gardar som eksisterte på 1600-talet.

| | |
|---|---------|
| Øyen – Sagsletten, sør for Holongen | side 3 |
| Rusten | side 22 |
| Haugen – Myrum, nord for Holongen | side 31 |

Holongsøyen – Bersvendstugu

I 1723 hadde sygard Snerle ein husmannsplass. I kontrakt om Holongsøyen sameige 1727 går det fram at det var sygard Snerle som hadde innhegna Bersvendplassen, men at dette skulle tilhøyre megarden og nordgard Snerle. Ved skjøte av megarden Snerle i 1740 vart dette nemnd. Men i 1747 ser det ut til at Bersvendstugu tilhørde berre nordgard Snerle. Knut Pålsen Øy selde og skjøta i 1747 nørdr Snerle skyld 1 hud til Siver Guldbrandsen Snerle. Unnateke var plassen Hollongsøyen og skogen som tilhørde nørdr Snerle frå Holongsbekken til mosevegen frå fjellet på austre sida av Rustvegen. Dermed kom dette under Øy. Men alt frå 1727 da Knut Tolstad overtok Øy hadde han hatt rett til skogvirke i Holongsmorken sjølv om han ikkje overtok nordgard Snerle før 1730. Øvre Randen og nedre Randen ovanfor Sagsletten tilhører i dag Bersvendstugu, skogteigen til Øy er ovanfor dette.

I 1752 var det skifte på Hollongoien etter Synnef Larsdotter som da var daud. Synnev Larsdotter vart nemnd som huskvinne under sygard Snerle i skoskatten 1711. Synnev f.ca.1676 d.1751 var gift med Bersvend Hansen f.ca.1670 d.1752. Bersvend som hadde rydda plassen av rå rot fekk festekontrakt på plassen Hollungsoi frå Knud Poulsøn Øy i 1751. I 1761 vart dette nemnd som Hollingsøen eller Bersvenspladsen. Bersvend og Synnef hadde 3 barn:

Hans f.ca.1705 d.1784, g.m. Ragnhild. Dei budde i Heidal.

Kari f.ca.1712

Gunild f.ca.1712 d.1779, g.m. Ole Stenersen Næset n. f.ca.1700 d.1772

Hans Bersvendsen hadde sønnene

Bersvend f.ca.1728 d.1800, neste brukar

Ole f.1743

Bersvend Hansen overtok truleg etter bestefaren i 1752, han fekk bygselkontrakt frå Knut Øy i 1754. Ei kvittering frå 1752 viste at det var betalt bygsel det året. Bersvend var gift med Ingelev Olsdotter Klones f.ca.1716 d.ca.1761, dotter til Ola Svensen Klones og Eli Øysteinsdtr. Kvarberg. Bersvend vart gift på nytt med Sigri Kristoffersdotter. Bersvend og Ingelev hadde 4 barn:

Ragnild f.ca.1752, g.m. Knut Pålsen Skårvangen f.ca.1759

Elli f.ca.1754, g.m. Jacob Knudsen Draagen

Sønnev f.ca.1758, g.m. Ola Hansen

Kari f.ca.1760 d.1823, neste brukar

Bersvend Hansen vart 1763 gift på nytt med Sigri Christophersdotter Bjørnsgård, Dovre f.ca.1725 d.1809.

Kari var gift med Nils Hansen Slaaen, Kvam 1762-1842. Nils overtok frå svigerfaren i 1788 og vart nemnd som husmann i 1801. Kari og Nils hadde 7 barn:

Sigrie 1786-1822, g.m. Isak Johansson, g.2.m. Knut Olsen Ulsletten 1785-1837

Bereth f.1791, g.m. Even Mathias Valseth, Trondheim

Bersvend 1792-1880, neste brukar

Hans f.ca.1794, g.m. Serine Olsdr. Sanner f.1802. Snekkermester i Trondheim

Niels f.ca.1797, g.m. Randi Toresdr. Risvoll. Til Trondheim.

Ole f.1800 d.1882, g.m. Tholine Jonsdr. Prestulen 1811-1880

Karie f.1803

Bersvend var gift med Anne Olsdotter Blessumeiet Sæta 1791-1866. Dei hadde 4 barn:

Kari 1819-1898, g.m. Peter Jensen Trondhuus 1816-1900

Hans 1821-1899, neste brukar

Sigrid f.1824, til Ålesund

Ola f.1826, g.m. Gunhild Svendsen Øyeseiet f.1820

I 1891 vart dette nemnd som Øyen nordre. Hans Bersvendsen Øien vart 1851 gift med Karen Einarsdotter Smedsmo 1825-1910 dotter til Einar Torsen Smedsmo f.ca.1786 d.1874 og Giedsken Jensdr. Tronhus 1784-1844, dei hadde 5 barn:

Bersvend f.1852, til Amerika

Gedsken f.1854, g.m. Knut Iversen Klonesbakken f.1855

Anne Maria f.1860

Ener f.1865, til Amerika

Mari f.1871, neste brukar

Bersvendstuen gnr. 21 bnr. 9 var frådelt frå Øy nedre gnr. 21 bnr. 1 i 1907 med auksjonsskjøte i 1908 til Knud Bersvendstuen for kr 1350. Knut Paulsen Bakken, Sel 1859-1933 var gift med Mari Hansdotter f.1871, i 1900 budde dei i Bersvenstugu. Knut og Mari hadde 8 barn:

Anne 1895-1992, g.m. Amund Johannessen Veggum 1871-1959

Karen 1897-1954, g.m. Iver Hansen Mosebakken 1894-1957

Pål 1900-1985, neste brukar

Hanna 1902-1980, g.m. Hans Rugsveen 1906-1987

Einar 1905-1998, g.m. Karen Amundsen f.1912

Ole 1908-1999, ugift

Mathias f.1910, ugift

Kari 1913-1993, g.m. Gudbrand Andersen Bjørnstad n. 1906-1993

I 1932 var det skjøte frå Knut Bersvenstuen til sonen Paal for kr 940 inkl. lausøyre kr 750. Pål vart 1945 gift med Mathea Plassen 1919-1987, dei hadde 6 barn:

Marie f.1943, g.m. Ivar Lillebråten

Mary 1944-1973, g.m. Rolf Ivarson

Aud f.1946, g.m. Kjell Johansen

Knut 1948-1920, neste brukar

Magne f.1949, g.m. May Haldorsen

Egil f.1952

Knut overtok etter faren i 1981. Han var sambuar med Jorunn Skogstad f.1951 dotter til Magne Skogstad f.1919 og Asborg Jonsgard, Skjåk f.1927.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Mette Vårdal, 2018: Ligesaaavel i Vadmel som i Fløiel

Øyen

I ei sak om Rusten og Holongsmorken stadfesta i Høgsterett i 1704 vart det avgjort at Rusten ikkje var allmenning, men full eige til Snerle og Bjørnstad. Christen Bjørnstad n. som førde saka hadde avtala med Snerlemennene at viss dei vann saka skulle Bjørnstadgardane få del i Holongsmorken saman med Snerle etter skylda på gardane. Dette er bakgrunnen for at Bjørnstad hadde eigedom i Holongsøyen. I avtale om Holongsøyen sameige i 1727 går det fram at nedre Bjørnstad skulle behalde den plassen som husmannen hans hadde innhegna, dette viser truleg at Øyen var etablert før 1727. I 1723 hadde nedre Bjørnstad ein husmannsplass. Hollongsmorken og Rusten vart skifta og delt i 1801.

Skoskatten 1711 nemner Serqvot Olsen som husmann på nedre Bjørnstad. Truleg var dette her. Serqve hadde sonen

Ole Serqvesen f.ca.1710 d.1780, tenar på Bjørnstad i 1736.

I 1739 fekk Ole Serqvetsen Hollongsøyen bygsel på Teigen i Sjørdalen. Han kom seinare til Sørlien. Ole var gift med Eldri Knutsdotter 1701-1745 og hadde 2 barn:

Knut f.ca.1730

Anne f.ca.1742, neste brukar?

I 1796 var det skjøte på rydningsplassen Hollongsøyen m/Hollongssætra frå Østen Pedersen Holongsøyen til Poul Christensen Bjørnstad n. for 49 rd., Østen og familien skulle flytja frå Vågå. Plassen låg under Bjørnstad, og skjøtet var truleg for bygningar mm. Østen var gift med Anne Olsdotter Holongsøyen, Ved skjøte i 1796 står det at foreldra til kona Anne Olsdotter hadde rydda og bygd plassen. Det er usikkert om denne Anne Olsdotter var dotter til Ole Serqvesen (påskrift på eit familieark i Opplandsarkivet Vågå viser at Anne Olsdotter var gift med Ole Jocumsen, men dette kan vera ei anna Anne Olsdotter). Østen og Anne hadde 3 barn:

Marit f.1766

Kari f.1768

Ole f.1772

I 1795 var det kontrakt mellom Paul Christensen Bjørnstad og Syver Andersen om at Syver og kona skulle bruke plassen søre Holongsøyen og betalte 49 rd. for dette samt årleg avgift 9 rd. Denne kontrakta er eitt år før kontrakta med den tidlegare brukaren, men truleg har det gått noko tid før det har vorte ordna opp med han slik at det er same plassen. Det var skifte etter

Syver Andersen Holongsøyen i 1796, han vart 1789 gift med Rønnoug Hansdotter, dei hadde 2 barn:

Hans f.1791, neste brukar

Syver f.1796, seinare brukar

Rønnaug Hansdotter vart 1798 gift på nytt med Syver Johannesen f.ca.1744 d.1812. I 1801 er Syver husmann under Bjørnstad, det viser at dette var Øien. Rønnaug og Syver hadde 1 barn:

Gunhild 1800-1865, g.m. Jakob Tostensen Haugen n. 1797-1882.

I 1814 var det kontrakt om Øyen frå Poul Christensen Bjørnstad til Hans Syversen. Hans Syversen Øyen f.1796 var gift med Kari Andersdotter Bråten f.ca.1799 dotter til Anders Olsen Bråten og Rønnov Enersdtr. Holongsøyen (søre Haugen) f.ca.1770 d.1840. Hans og Kari hadde 3 barn:

Mari f.ca.1816, g.m. Rasmus Andersen Sandbueie f.ca.1817. Til Randen.

Rønnoug

Rønnoug

Syver Syversen Bjørnstadeie f.1796 d.etter 1875 vart 1830 gift med Mari Larsdotter Østremseie f.ca. 1805 d.1871. Syver og Mari hadde 6 barn:

Rønnoug f.1830

Siver 1834-1834

Kari f.1834

Syver f.1838-1872

Hans f.1842

Anne f.1845, neste brukar

Anne Syversdotter vart 1872 gift med Jakob Paulsen Rusten Bjørnstadeie f.1849, i 1875 var han husmann med jord. Anne og Jakob hadde 4 barn:

Paul f.1870

Mari f.1872

Marit f.1874

Syver f.1876

Anders Lien f.1856 var son til Peder Olsen Lien 1796-1870 og Gunild Arnesdotter Braaten Ulabråten 1816-1895. Anders f.1856 vart 1878 gift med Oliane Sørensdotter, Sel f.ca.1851 dotter til Søren Olsen Haugeneie Sørenstugu. Ved barnefødsler til 1890 var dei i Lien, og frå 1894 på Øyen/Bjørnstadeie; folketeljinga 1891 var dei i søre Øyen. Øien gnr. 9 bnr. 3 vart frådelt frå nedre Bjørnstads skog gnr. 9 bnr. 2 i 1912 med skjøte frå Nymo brug Formo & Grindal til Anders Lien for kr 2500. Anders og Oliane hadde 7 barn:

Paul 1878-1975, g.m. Guri Knutsdtr. Grindstuen 1874-1939. Til Vistekleiven

Søren f.1882, g.m. Mima Storhaugstugu, Vestre Toten

Ole f.1885

Simen f.1887

Gunhild f.1890

Jakob f.1894

Ragnhild f.1897, neste brukar

Ragnhild Øien 1897-1958 var gift med Ola O Myrum 1891-1973. I 1925 var det skjøte frå Anders Lien til svigersonen Ola Myrum. I 1933 var det skjøte attende til Anders Lien, og i 1934 var det skjøte frå Anders Lien til dottera Ragnhild. Ragnhild og Ola hadde 3 barn:

Anders 1921-1993, g.m. Julie Vaagaasar 1922-2017. Til Fellese.

Ola f.1925, neste brukar

Mathias

Ola overtok i 1951. Han vart 1951 gift med Borghild Larsen, Lom f.1930 dotter til Ole Larsen og Sina Vågåsarmoen. Ola og Borghild hadde 3 barn:

Olav Ragnar f.1951, neste brukar

Arve Sigmund f.1954, sbm. Ragnhild Brenna

Jan Tore f.1964, sbm. Ingvild Sveen

Olav Ragnar overtok i 1983. Han er sbm. Liv Løland, Sel f.1959 dotter til Anders Løland f.1926 og Jenny Rusten, Heidal f.1928. Olav Ragnar og Liv har 2 barn:

Odd Erik f.1988, neste eigar

Ole Anders f.1992

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Ivar Kleiven: I Gamle Daagaa

Torstugu – Øye

I avtale om Holongsøyen sameige i 1727 går det fram at sygard Snerle skal behalde lykkjer og innhegningar som nordgard og megarden Snerle nyleg hadde innhegna, dei skulle følgje dei to husmannsplassane. Dette viser kanskje at sygard Snerle da overtok to husmannsplassar i Holongsøyen, dette kan vera Torstugu og kanskje Plassen eller Sagsletten.

Mikkel Ingebretsen var i 1711 husmann under megarden Snerle. Det var skifte etter Mikkel Ingebretsen Snerle i 1718, arvingane var systera Barbro Arnesdotter på Lesja og barnebarn til ei anna syster Barbro Ingebretsdtr. Om Mikkel var på Øyen/Torstugu er meir enn usikkert.

Thor Ingebretsen vart 1787 gift med Elie Olsdtr. f.ca.1755 d.1844. Thor f.ca.1746 d.1819 døydde på søre Snerleeie i 1819, ved barnefødsjar frå 1789 vart han nemnd som Tord Øjn. Folketeljinga 1801 viser husmann med jord under Snerle Tore Nilsen f.ca.1766 som var gift med Ragnhild Olsdotter f.ca.1758, men dette må vera feil (namn på barna stemmer med barna til Thor og Elie). Thor og Eli hadde 4 barn:

Marit f.1789
Rønnaug f.1794
Ingebret 1796-1862, neste brukar
Ingri f.1799

Ingebrigt vart 1817 gift med Brith Hansdotter nedre Bjørnstadeie f.ca.1791 d.1877. Ingebigt og Brith hade 7 barn:

Rønnov f.1818
Eli f.1820
Anne f.1824
Thor 1826-1850
Hans 1830-1918, neste brukar
Marit f.1835
Ole f.1838

Hans var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord. Hans vart 1859 gift med Rønnoug Syversdotter Snerleeie f.ca.1837 d.1901 dotter til Syver Hansen Snerleeie. Hans og Rønnaug hadde 6 barn:

Hans f.1859, neste brukar
Thor 1863-1864
Marit 1865-1911, g.m. Jon Pedersen Randen 1867-1927. Til Kjeldløkken.
Brit f.1869
Thor 1872-1943, g.m. Kari Syversdtr. nedre Teigen 1875-1948. Til teigen.
Syver f.1877, seinare brukar

Hans f.1859 var i 1910 husmann i Torstuen. Hans var gift med Anne Olsdotter Amundgård, Lesja 1862-1940. I 1925 var det føderådskontrakt frå Syver Thorstuen til Hans H Thorstuen og hustru Anne Olsdotter mot alle etterladenskaper verdsett til kr 1500. Hans og Anne hadde 1 barn:

Rønnaug 1892-1918

Thorstugen gnr. 10 bnr. 4 vart 1919 frådelt frå sygard Snerle med skjøte frå Mathias Snerle til Syver H Thorstuen for kr 5000. Syver var gift med Mari Pedersdotter Søremsaugen f.1878 dotter til Marit Andersdtr. Søremsaugen f.1849 og Peder Johnsen Lillesæter. Syver og Mari hadde 2 barn:

Rønnaug 1902-1992, g.m. Thorleif Andersen 1897-1974
Hans 1907-1973, neste brukar

I 1945 var det skjøte frå Syver Thorstuen til sonen Hans S Thorstuen for kr 2274 samt føderåd til foreldra verdsett til kr 3500. Hans vart 1932 gift med Klara Ingebretsen, Canada f.1910, dei hadde 2 barn:

Ruth f.1932, neste brukar
Gjertrud f.1936, g.m. Knut Randen, Lihaug f.1935

Ruth overtok etter faren i 1970. Ho vart 1951 gift med Ivar T Rindhølen, Heidal f.1930 son til Tor Rindhølen f.1884 og Mari Hovda f.1894. Ruth og Ivar har 4 barn:

Kjell f.1953, neste brukar
Liv f.1954, g.m. Thomas Sletten, Vang
Terje f.1957, var g.m. Jorun Stenen
Wenche f.1966, sbm. Arne Bårdseng

Kjell er gift med Kari Merethe Holø, dei har 2 barn:

Hans f.1981
Simen f.1988

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Rundhaugen

Øvre Bjørnstad fekk del i Holongsmorken i samband med sak om Rusten i 1704. I avtale om sameiga i 1727 går det fram at Tore Siversen øvre Bjørnstad skulle behalde den lykkja som han hadde innhegna. Dette kan ha vore Brekka eller Rundhaugen. Ole Syversen Bjørnstad f.1762 fekk i 1784 skjøte på øvre Bjørnstad 2 huder frå faren for 350 rd. I 1788 selde han skogen sin i Hollongsmorken og Rusten til Iver Thorsen Håkenstad for 150 rd. Skylddelingsforretning vart tinglyst i 1796 og da var Rundhaugen og Rustbrekka med.

Fridrich Olsen f.ca.1744 d.1815 var i 1801 husmann med jord under Håkenstad. Fridrich Moen var forlovar ved ekteskap i Bersveindstugu i 1786, kanskje var det denne. Fridric vart 1785 gift med Mari Andersdotter f.ca.1754 d.1834, dotter til Anders Jensen f.ca.1731. Anders Jensen budde saman med dei i 1801, men om han var tidlegare brukar er ikkje kjend. Mari vart nemnd som husmannsenkje på Rundhaugen da ho døydde. Fridrich og Mari hadde 1 barn:

Anders f.ca.1793

Paul Jacobsen Berge f.1756 var son til Anne Pålsdr. Berge 1732-1806. Paul var gift med Marit Jacobsdr. Haugen i Skårvangen f.1761 dotter til Jacob Jørgensen Haugen 1722-1807 og Gunnild Sevaldsdr. Skårvangen 1719-1776. Paul og Marit var fyrst på Haugen i Skårvangen. I 1795 kjøpte dei Me-Strond, dette selde dei att i 1803. Seinare kom dei til Rundhaugen. Paul og Marit hadde 7 barn:

Ole 1785-1799
Jacob f.1788
Jørgen f.1790, neste brukar
Gunnild f.1793
Hans f.1795

Paul f.1797
Anne f.1800

Jørgen Poulsen Haagenstadeie 1790-1873 vart 1825 gift med Mari Olsdotter Haagenstadeie f.ca.1798 d.etter 1875. Ved barnefødsler vart dei i 1826 husmannsfolk på Haagenstadeie, i 1831 på Rundhaugen og i 1836 Rundhaugen under Haagenstad, alt dette er nok same plassen.

Jørgen og Mari hadde 4 barn:

Poul f.1826, ug., på nördre Ulsletten i 1875
Ole 1828-1924, g.m. Anne Knutsdotter Lieneie 1842-1905. Til Rundhaugsreiret.
Jacob f.1831, ug., på nördre Ulsletten i 1875
Hans f.1836, neste brukar

Hans Jørgensen var i 1865, 1875 og 1900 husmann med jord på Rundhaugen. Hans vart 1859 gift med Guri Knutsdotter Sørlieneie f.ca.1837 dotter til Knut Knutsen Sørlieneie. Hans og Guri hadde 11 barn:

Poul 1857-1877
Knut f.1859
Mari f.1861
Jørgen 1863-1866
Brit f.1865
Marit f.1867
Anne 1869-1875
Imbjør f.1872
Hans f.1874
Jacob 1877-1953, neste brukar
Anders f.1880

Jakob var i 1920 husmann med jord. Han vart 1904 gift med Rønnaug Olsdotter Myrum n. 1882-1964 dotter til Ola Hansen Myrom 1853-1938 og Marit Haugen 1856-1927. Jakob og Rønnaug hadde 11 barn:

Guri f.1905, g. Kluften
Ola f.1908, til Canada
Hanna 1909-1990, g.m. Ivar Øvre 1900-1987
Mathias 1911-1991, neste brukar
Jørgen f.1912
Marit 1914-1994, g.m. Ola Rugsveen 1911-1978
Johanne 1916-1916
Ragnhild 1916-1916
Ragnhild Johanne f.1918, g.m. Hansen. Til Oslo
Anne 1920-1995, g.m. Ola T Flaten f.1921
Marie f.1922

Jakob hadde med Torø Larsdotter Kleven f.1874 1 barn:

Thor f.1894

Mathias overtok i 1939. Jakob og Rønnaug Rundhaugen fekk i 1946 føderåd frå Mathias verdsett til kr 1500. Rundhaugen gnr. 26 bnr. 17 vart 1948 frådelt frå Håkenstad med skjøte i 1949 frå Pål O Håkenstad til Mathias J Rundhaugen for kr 4500. Mathias vart 1938 gift med Marie Kleiven f.1915 dotter til Ola Kleiven og Hanna Storvikseter.

I 1977 var det skjøte på Rundhaugen til Svein Bergnord f.1946. Svein var son til Einar Bergnord f.1905 og Sofie Amundsen, Brevik f.1912. Svein var gift med Astrid Haugen f.1948 dotter til Per E Haugen f.1916 og Agnes Gården f.1928. Svein og Astrid har 2 barn:

Mona f.1974

Tone f.1977

Svein Bergnord bygde hus ovanfor vegen. Dette vart frådelt som Hamnehagen gnr. 26 bnr. 46 i 1982 og seld til Arne Garmo f.1945 i 1984.

Oda Sofie Bergnord f.1994 og Jon Randen f.1990 fekk heimel til Rundhaugen gnr. 26 bnr. 17 i 2019.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen: skriv om slekta i Rundhaugen i Holongsøyom

Ola Håkenstad: om skylddeling 1796

Brekka – Rustbrekken søre

Rustbrekka vart med ved frådeling av skog frå øvre Bjørnstad med salg til Håkenstad i 1796. Rasmus Christensen f.ca.1754 var i 1801 husmann med jord under Håkenstad. Han var gift med Kari Pålsdotter f.ca.1751, dei hadde 4 barn:

Poul f.ca.1776 d.1855, neste brukar

Anders f.ca.1788

Sigri f.ca.1793

Kari f.ca.1797

Soldat Poul Rasmussen f.ca.1776 d.1855 vart 1804 gift med Aaste Amundsdotter Grindstugu s. i Vågåmo 1783-1862 dotter til Amund Iversen Grindstugu f.ca.1755 d.1833 og Rønnaug Olsdotter Finnbrustugu 1757-1827. Ved barnefødsler er Poul nemnd som Rustbrækken frå 1804, seinare også Haagenstadeiet. Da Poul døydde i 1855 vart han nemnd som husmann å Rustbrækka. Poul og Aaste hadde 6 barn:

Rasmus 1804-1871, g.m. Brit Johannesdr. Brynhildøygarden. Til Grisndstugu s. i Vågåmo.

Iver 1807-1807

Amon f.1810

Kristen 1813-1882, neste brukar

Anders f.1816

Kari f.1819

Kristen Paulsen var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han vart 1844 gift med Anne Johnsdotter Gaardshaugen 1820-1890 dotter til John Olsen. Kristen og Anne hadde 4 barn:

Paul f.1843, hadde sonen Paul f.1866 som i 1875 budde her

Marit f.1845, neste brukar

Anders f.1849

Kari f.1855

I 1900 og 1910 var enkja Marit K Brekken 1846-1920 husmann i Brekken, ho var gift med Hans Hansen Lunde upp. 1829-1900 son til Hans Iversen upp. Viste f.ca.1785 d.1873 og Kari Olsdtr. Siem 1799-1855. I 1875 budde familien her, Hans vart da nemnd som inderst og dreiv avl. Marit og Hans hadde 6 barn:

Hans f.1870

Anne f.1873

Kari f.1875

Paal f.1879, neste brukar

Ole f.1881, g.m. Mari Paulsdr. Ulsletten s. f.1886. Ulsletten og nørdrø Rusten.

Kristen f.1887

Brekka gnr. 26 bnr. 10 var husmannsbruk under Håkenstad til 1928 og vart da frådelt med skjøte i 1929 frå O. P. Haakenstad til Paal H Brækken for kr 5000. Pål Brekken 1879-1929 vart 1917 gift med Ymbjørg Selatunga 1882-1972, dotter til Ola Skålen og Ymbjørg Sælatunga. Pål og Ymbjørg hadde 4 barn:

Marit f.1919

Ymbjørg f.1923

Kari f.1924

Ola f.1926, neste brukar

Ola overtok etter mora i 1954. Han vart 1952 gift med Bjørg Damstuen f.1934 dotter til Ingvald Damstuen f.1912 og Ingrid Runningen f.1914. Ola og Bjørg hadde 3 barn:

Tove f.1952, g.m. Per Ekre

Grethe f.1953, g.m. Geir Bang Danielsen

Pål Inge f.1956, g.m. Solveig Randen

Ørjan Venås f.1976 og Kristine Snerle f.1980 overtok med heimel til eigdommen i 2011.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

seeiendom.no

Ola Håkenstad: om skylddeling 1796

Rustbrækken nördre

Iver Isaksen Brækken 1809-1897 var i 1865 og 1875 husmann med jord under Håkenstad og dreiar og smed. Iver var son til Sigrid Nilsdtr. Bersvendstuen 1786-1822 og Isak Johansen, Stryn 1776-1811 frå Reiarhaugen. Sigrid vart seinare gift med Knut Olsen Ulsletten 1788-1837. Iver vart 1839 gift med Anne Olsdotter Veggumbakken 1809-1892, dei hadde 5 barn:

Johan f.1833, g.m. Anne Syversdtr. Snerleeige f.1829. Til Rokkemoen. Til Amerika 1888

Ole 1836-1917, treskjærar og dreiar, neste brukar

Isak f.1840, g.m. Anne Knutsdtr. Ødegaarden 1846-1888. Dreiar og treskjærar, til Amerika

Anders 1842-1845

Barbro f.1845, g.m. Hans Olsen Morken, Sel f.1846. Til Rusten. Ho hadde sonen Ole Østensen f.1871

Ole var gift med Marit Gregoriusdotter Myrom, Skjåk 1844-1916 dotter til Gregorius Olsen Myrum. Ole og Marit vart på 1870- og 80-talet nemnde som husmannsfolk på Rustbrækken. Familien flytta til Rokkemoen i 1888 da broren Johan f.1833 og familien reiste til Amerika. Ola og Marit hadde 8 barn:

Ole 1868-1942, g.m. Mari Iversdtr. Øygarden 1867-1947. På Øygarden.

Anne 1869-1887

Johan f.1872, til Trondheim

Marit f.1874, til Amerika

Gudbrand f.1876

Mari f.1879, g.m. Ola Flåten Karusbakken

Anders f.1881

Ola 1884-1949, g.m. Gunhild Jakobsdtr. Sæta 1892-1923. På Rokkemoen.

Nördre Brekka vart saman med Rundhaugen frådelt frå Håkenstad og seld til Mathias Rundhaugen i 1948. Nördre Brekka var da berre ei lykkje som blir kalla Brekkelykkja, dette tilhøyre Rundhaugen.

Nyborg. Ovanfor Brekkelykkja vart det 1958 frådelt ei bustadtomt Nyborg gnr. 26 bnr. 30 frå Håkenstad gnr. 26 bnr. 1 med skjøte til Magnus Ulsletten. Magne Ove Ulsletten f.1965 overtok med skjøte i 1991.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
seeiendom.no

Ola Håkenstad: om frådeling frå Håkenstad 1948

Gunhild brekken Aaboen og Ola Grøslund, Vågå – sagt og skrivi 2017: Ei handverkarslekt i Vågå

Randen

Rasmus Andersen Randen f.ca.1817 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Randen under nørdrø Snerle. Rasmus Andersen Sandbueie f.ca.1817 var son til Anders Rasmussen Sandbueie. Rasmus vart 1843 gift med Mari Hansdotter Bjørnstadeie Øyen f.ca.1816 dotter til Hans Syversen Bjørnstadeie Øyen f.1796 og Kari Andersdtr. Bråten f.ca.1799. Rasmus og Mari hadde 6 barn:

- Kari f.1843
- Anders f.1844
- Barbro f.1846
- Hans f.ca.1850
- Ole f.1856
- Rønnaug 1856-1857

I 1891 var Anders Olsen f.1870 nemnd som familiens overhovud på Randen. Saman med han budde mora Rænnei Johannesdotter f.1836 som var enkje samt systersonen Ole Olsen f.1890. Rannei frå Sel var gift med Ole Hansen Løken f.ca.1840 og i 1875 var dei husmannsfolk på Løken under Austrem n. og hadde 2 barn:

- Anne f.1864
- Anders f.1870

Randen gnr. 11 bnr. 3 vart frådelt frå megarden Snerle i 1905 med skjøte i 1907 frå Hans Olsen Snerle til Ole J Haugen for kr 680. Ole f.1876 var frå nørdrø Haugen son til Jakob Tostensen f.1850 og Kari Halvorsdtr. Slaaen Daleeige, Sel f.ca.1839. Ole gift med Gunhild Dalen f.ca.1885, familien var på Randen da Jakob vart fødd i 1905 men kom seinare til nørdrø Haugen. Ola og Gunhild hadde 4 barn:

- Jakob 1905-1997, nørdrø Haugen
- Ragnhild 1906-1989, g.m. Paul Andvord 1902-1984. På Austrem n.
- Kari 1908-1995, g.m. Hans E Holen, Heidal 1904-1995, til Sundhågå
- Anne 1910-1938, g.m. Pål Kleiven nørdrø 1911-1992

I 1908 var det skjøte frå Ole J Haugen til Knut Grindstuen (Grind) for kr 1200. Knut Knutsen Grindstuen 1866-1925 var son til Knut Kristensen Bjørnstadeie 1829-1919 og Guri Jakobsdtr. Haugen 1828-1907. Knut Knutsen vart 1894 gift med Rønnaug Olsdotter Brun Maristuen 1869-1934 dotter til Ola Rasmussen. Knut Knutsen var i 1900 husmann med jord på Randen. Knut og Rønnaug hadde 7 barn:

- Mari 1893-1973, g.m. Syver Knutsen Grindstuen, Sel 1895-1971. Til Kolset i Sel
- Guri 1896-1980, g.m. Jo Lundaløkken 1890-1984
- Ola 1900-1964, neste eigar
- Kari 1902-1996, g.m. Ola P Skjedsvold 1895-1980. Til Skogen.
- Jakob 1905-1989, g.m. Julie Hansdtr. Lien 1915-1992. Til Lihaug.
- Ragnhild f.1910, g.m. Knut Olderløkken 1906-1985
- Anders 1915-1986, neste brukar

I 1926 var det skjøte frå Rønnaug O Randen 1869-1934 til sonen Ole Knutsen Randen for kr 3500 inkl. lausøyre kr 1000. Ola vart 1948 gift med Ragnhild Damstuen 1915-1996 dotter til Ola Brekken og Rønnaug Skjellum. Ola og Ragnhild budde i hus ved Nugga. Ola og Ragnhild hadde 2 barn:

Knut f.1949, g.m. Solfrid Birkeland

Olav Ragnar f.1951

Anders 1915-1986 var gift med Emma Bjørnstad ø. 1918-2002 dotter til Hans Bjørnstad og Lina Sagsletten. Anders og Emma dreiv Randen, dei hadde 3 barn:

Knut 1943-2007, g.m. Jorunn Annaniassen

Alf 1947-2012, g.m. Gunhild Bakke

Svein f.1958, neste eigar

Svein overtok som eigar frå 1997.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Plassen

Ole Syversen Plassen Snerleeie f.ca.1778 d.1851 vart nemnd som føderådsmann da han døydde.

Syver Olsen Plassen f.ca.1803 d.1886 var i 1865 føderådsmann, men i 1875 hadde han overteke att etter at sonen døydde og var da husmann med jord. Syver vart 1823 gift med Else Olsdotter Øyseie f.ca.1797 d.1884. Syver og Else hadde 4 barn:

Guri f.1824, ho hadde 2 barn: Ole Knutsen f.ca.1855, Else Hansdtr. f.ca.1859

Ole 1827-1867, neste brukar

Hans f.1833

Else f.1837

Ole var i 1865 husmann med jord. Han vart 1854 gift med Marit Kristensdotter Bjørnstadeie Øyhusom 1822-1880 dotter til Christen Olsen Bjørnstad, f.ca.1786 d.1835 og Brith Knutsdtr. Rottenseie f.ca.1793. I 1875 var Marit enkje. Ole og Marit hadde 4 barn:

Ragnhild f.1850, g.m. Tore Skjedsvold, Holen nördre 1844-1928

Bridt 1850-1929, g.m. Lars Pedersen Kleiven n. 1847-1905

Syver f.1855, neste brukar

Else 1858-1942, g.m. Ola Knutsen Svarvarhaugen 1844-1922

Ola hadde med Anne Pedersdtr. Lauvrusten nedre Lieneie 1826-1906 1 barn:

Peder 1852-1935, g.m. Mari Pedersdtr. Kleiven n. 1843-1924. Til Fossen

Syver var i 1900 husmann med jord. Syver Plassen f.1855 var gift med Mari Arnesdotter Skulmesterstugu 1856-1884, dei hadde 4 barn:

Ole f.1879

Anders f.1881, neste brukar

Mathias f.1884

Martinus 1884-1955, g.m. Anne Erlandsdtr. Løkken 1884-1949. Til Øygarden nørdr.

Syver hadde med Guri Paulsdotter Haugen Rusten Randen 1 barn:

Paul 1886-1975, til Marnardal i Vest-Agder

Syver vart 1891 gift på nytt med Anne Stenersdotter Rusten f.1842 dotter til Stener Knutsen.

Anders overtok etter faren i 1917. Plassen gnr. 10 bnr. 3 vart frådelt frå sygard Snerle i 1917 med skjøte frå Mathias Snerle til Anders S Plassen for kr 2900. Anders 1881-1950 vart 1913 gift med Mari Hansdotter Lillesæter, Sel 1887-1974. Anders og Mari hadde 6 barn:

Mari f.1913

Sigurd

Mathea f.1919-1987

Alfred 1927-2012, neste brukar

Harald f.1929, g.m. Gina Grevrusten

Sigrun f.1929, g.m. Knut Mosebakken

Alfred overtok etter faren i 1961. Han vart 1952 gift med Anne Løkken, Sel 1926-2005 dotter til Iver Løkken f.1900 og Pauline Gjetsiden f.1897. Alfred og Anne har 4 barn:

Inge Audun f.1955, sbm. Grethe Sagdalen

Marianne f.1956, g.m. Kjell Nordbak

Geir f.1962, g.m. Mona Isaksen

Oddne f.1963, g.m. Anne Kari Grindstuen

Jonas Larsen f.1992 fekk heimel til eigedommen i 2017.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Erik Lillebråten: div. slektsopplysningar

Bjørklund – Trondstugu

John Johnsen f.1802 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Thronsstuen under sygard Snerle. John var gift med Anne Hansdotter f.1821. I 1900 budde enkja Anne Tronstuen f.1821 i Tronstuen, ho var husmannskone utan jord.

Ugifte Jakob Jørgensen Rundhaug f.1834 budde også der i 1900.

Bjørklund gnr. 10 bnr. 7 vart frå delt frå sygard Snerle i 1923 med skjøte frå Mathias Snerle til Anna Hanson for kr 2700. Anna Andersdotter 1900-1972 var dotter til Anders Sveen f.1879 og Rønnaug Ulen Svarttjønnulen f.1867. Anna var gift med Aksel Viktor Hanson, Uddevalle i Sverige 1888-1975. Anna og Aksel hadde 7 barn:

Ragnhild f.1919, g.m. Rolf Ullerud
Kristine f.1922, g.m. Knut Nustad
Harald f.1923, g.m. Marie Skjellum
Hanna f.1925, g.m. Hjalmar Moen
Trygve 1928-1944
Kåre f.1932, neste eigar
Astrid f.1935, g.m. Erling Madsen

Kåre overtok i 1961. Han vart 1964 gift med Klara Svare f.1939 dotter til Trygve Svare f.1907 og Signe Sønsteng f.1908. Kåre og Klara har 1 barn:

Svein Tore f.1966, neste brukar

Svein Tore Bjørklund overtok i 2014.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Seeiendom.no

Ulsletten søre

Ole Knutsen f.ca.1750 d.1814 var gift med Kari Olsdotter f.ca.1748. I 1801 var Ole husmann under nørdrø Snerle. Da han døyde står det Holongsøen under Snerle. Ole og Kari hadde 2 barn:

Kari f.1778
Knut 1788-1837, neste brukar

Knut vart 1816 gift med Sigril Nilsdotter under Øyeie Bersvendstugu 1785-1822, ho var tidlegare gift med Isak Johansen Tonning på Reiarhaugen. Knut og Sigril hadde 2 barn:

Kari f.1817
Ole f.1821, g.m. Kristine Olsdr. Repp. Til Trondheim.

Johan Knutsen f.ca.1818 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Han var gift med Æli Hansdotter 1822-1883. Johan hadde sonen:

Andreas f.ca.1854

Johan og Æli hadde 4 barn:

Rønnaug f.1858

Hans f.1860
Johan f.1863
Anne f.1867

Pål Jonsen Ulsletten f.1858 var i 1900 husmann med jord. Han var frå Rusthaug son Ingrid Paulsdr. Rusten f.1836 og John Knutsen Sandbueie. Paul var gift med Mari Knutsdotter Brun f.1857, dei hadde 6 barn:

Iver f.1882, g.m. Mari Toresdr. Haugen søre f.1875
Mari f.1886, neste brukar
Anne f.1889
Knut f.1892, neste eigar
Pål 1897-1975, seinare brukar
Ragnvald 1903-1982, g.m. Mari Øysteinsdr. Uleberg 1890-1969. Til Uleberg.

Søre Ulsletten gnr. 11 bnr. 5 vart frådelt frå megarden Snerle i 1919 med skjøte frå Ole I Lunde til Knut P Ulsletten for kr 7000. Knut vart gift på Sørlandet og budde der.

Mari f.1886 vart 1913 gift med Ola Hansen Brekken 1881-1954, da han døydde i 1954 vart han nemnd som småbrukar på Rusten. Nørdre Rusten gnr. 11 bnr. 8 vart frådelt frå Ulsletten i 1943 med skjøte til Pål O Brekken Ulsletten i 1944. I 1920 budde Mari på Ulsletten saman med barna, da sonen kjøpte Rusten i 1944 flytta familien dit. Mari og Ola hadde 5 barn:

Pål f.1909, nørdre Rusten
Hans f.1914
Magnus 1916-2000
Marit f.1921, g.m. Hans Rusten 1912-1983. Øvre Rusten.
Olav f.1924, g.m. Ragnhild Tøndevoldshagen f.1926. På Sandbushaugen.

Pål P Ulsletten overtok Ulsletten etter broren Knut i 1940. Pål vart 1941 gift med Marit Rusten nedre f.1912 dotter til Ole J Rusten f.1859 og Brit Hansdotter Tordstugu f.1869. Pål og Marit hadde 1 barn:

Bjula f.1942, neste eigar

Bjula overtok etter faren i 1963. Ho vart 1964 gift med Åsmund Johansen, Båtsfjord i Finnmark f.1930. Dei budde i Ringsaker til 1995, på Rusthaug frå 1996. Bjula og Åsmund har 2 barn:

Pål f.1965
Morten Emil f.1966

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Bjula Ulsletten

Grindstugu – Grind – Gurigrind

Grindstuen nørdre

I 1865 var Knut Kristensen f.1829 husmann utan jord i Grindstugu, i 1875 vart han nemnd som jordarbeidar. I 1900 var Knut husmann med litt jord i nørdre Grindstuen. Knut Kristensen Bjørnstadeie Øyhusom 1829-1919 var son til Christen Olsen og Brith Knutsdr. Bjørnstadeie. Knut var gift med Guri Jakobsdotter Haugen n. 1828-1907, dei hadde 11 barn:

Marit 1852-1907, g.m. Lars Sivertsen Holsløyken Syrstad 1858-1946

Kristen f.1854

Jakob f.1857

Tosten 1859-1927, g.m. Kari Iversdr. Damstuen 1871-1961. Til USA

Hans f.1863

Gunhild f.1863

Knut 1866-1934, g.m. Rønnaug Olsdr. Brun 1869-1934. Til Randen

Johan f.1868

Gunhild 1869-1931, g.m. Johannes Hansen Sønstelién 1878-1969

Ole f.1872

Guri 1874-1939, g.m. Pål Andersen Øyen. Til Vistekleiven.

Grind ligg ovanfor søre Ulsletten. Dette var med da Ulsletten vart frådelt frå megarden Snerle og seld til Knut Ulsletten i 1919. Ulsletten låg nedanfor vegen og Grind ovanfor, våningshuset på søre Ulsletten er bygd på det som var Grind.

Grindstugu søre

Ole Eriksen f.ca.1807 d.etter 1875 var i 1865 husmann utan jord i Grindstuen. Han var gift med Ingri Hansdotter, Heidal f.ca.1812, også i 1875 budde dei i Grindstugu. Ole og Ingri hadde 2 barn:

Ejnar f.ca.1858, jernbanearbeidar i 1875

Gunnild f.ca.1855

I 1900 budde Ole Olsen Synnehaugen f.ca.1869 i søre Grindstugu, han var da jordbruksarbeidar. Ole var gift med Mari Hansdotter f.ca.1860. I 1900 vart dei også nemnde i Svartjernulen og i 1920 på Søremsbråten. Ole og Mari hadde 3 barn:

Ole f.1889

Hans f.1894

Anders f.1899

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Svein Kleiven: notat om Grindstuen mm.

Ulsletten nørdrø

Iver Knutsen var i 1865 husmann med jord. Iver Knutsen Stokstad nedre 1802-1875 var gift med Kari d.y. Thorsdotter Holbø s. 1807-1887. I 1875 var det enkja Kari som var husmann med jord. Saman med henne budde dotterdottera Mari Olsdotter Bergeenden f.1860.

Enkja Elen Hansdotter Ulsletten f.1826 budde i 1900 og 1910 i Ulsletten, i 1865 og 1875 var ho på nørdrø Ulsletten.

I 1900 var Jakob Knutsen Ulsletten f.1836 husmann med jord. Jakob var frå Klonesbakken son til Knut Pedersen Klonesbakken. Jakob vart 1877 gift med Sigrì Olsdotter Pillarvikseie f.1855 dotter til Ole Iversen Pillarvikseie. Jakob og Sigrì hadde 2 barn:

Knut 1875-1968, g.m. Torø Pedersdtr. Fossen 1876-1948

Eline f.1885

I 1910 budde barnebarnet til Jakob og Sigrì på Ulsletten. Sigurd Johannes Adolfsen Ulsletten 1901-1975 var son til Eline Ulsletten og Adolf Olsen, Eidsvold f.ca.1872. Nørdrø Ulsletten gnr. 11 bnr. 4 vart frådelt frå megarden Snerle i 1919 med skjøte frå Ole I Lunde til Sigurd A Ulsletten for kr 3000. I 1920 vart Sigurd nemnd som småbrukar.

I 1975 vart det notert heimelsovergang til Ragna Nilsen f.1907 og Nora Nilsen f.1905.

I 1976 var det skjøte til Tor K Ulsletten 1918-1993. Tor var son til Knut Ulsletten 1875-1968 og Torø Fossen 1876-1948.

Tor Ulsletten f.1945 fekk heimel til eigdommen i 1993. Han er son til Knut Ulsletten f.1913 og Mari Steineide, Heidal f.1910. Tor er dermed brorson til førre eigaren Tor Ulsletten 1918-1993.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Sagsletten

I 1808 var det skjøte på bygningar m.m. på plassen Sagsletten frå Ole Andersen til Ole Arnesen for 100 rd. Same året var det skjøte frå Ole Arnesen til Ole Jacobsen for 100 rd.

I 1812 var det skjøte frå Ole Jacobsen til Hans Engebretsen.

I 1820 var det kontrakt frå Gulbrand Hansen Snerle til Anders Knutsen på plassen Sagsletten. Anders Knudsen Sagsletten f.ca.1781 d.1842 vart nemnd som husmann da han døydde. Den

einaste som passar med om lag rett fødselsår er Anders Knutsen øvre Åsen som i 1801 var skreddar. Utanom ekteskap hadde Anders 1 barn med Marit Iversdotter Stadeeige:

Ragnhild f.1827

Pige Marit Knutsdr. Sagsletten f.1799 døydde i barselseng 1832. Det er mogleg at dette var syster til Anders.

Jacob Knutsen Rottemseie 1788-1865 var son til Knut Jacobsen Rottemshagen 1762-1822 og Marit Syversen. Jakob vart 1818 gift med Ragnhild Thorsdotter Sandbueie øvre Haugen f.1794-1873 dotter til Thord Simonsen f.ca.1760 d.1816 og Ragnhild Johannesdr. f.ca.1766 d.1846. Ragnhild var føderådscone på Sagsletten i 1865. Familien var inderstar på Teigen i 1820, i 1824 var dei på Snerleeie og i 1828 var dei husmannsfolk på Sandbueie. I 1831 og 1832 var dei husmannsfolk på Holongsøyen som kan vera her. I 1837 fekk Jakob Knutsen og hustru frå Thor Olsen Snerle kontrakt på plassen Sagsletten og Øyhuslykkja mot årleg avgift. Anders Knutsen fekk føderåd av plassen frå Jakob. Jakob og Ragnhild hadde 7 barn:

Knut 1819-1907, neste brukar

Thor f.1820, g.m. Anne Arnesdr. Myrum s. 1823-1852. Til Myrum s.

Ragnhild f.1824

Johannes 1828-1913, g.m. Gunhild Bråten n. 1836-1910. Til nedre Rusten.

Anne f.1831

Johan 1831-1831

Johan Jacobsen 1832-1867

Knut Jacobsen Sagsletten Snerleeie 1819-1907 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Knut vart 1845 gift med Ragnhild Andersdotter Nuvstad, Sel 1823-1904 dotter til Anders Andersen Nuvstad. Knut og Ragnhild var føderådsfolk i 1900 og 1920. Knut og Ragnhild hadde 4 barn:

Jacob f.1845, neste brukar

Anders 1850-1850

Johannes f.1854

Anders 1857-1857

Jakob Knutsen Sagsletten vart 1877 gift med Marit Engebretsdotter Uldalen, Sel 1847-1928 dotter til Engebret Pedersen Uldalen. Jakob og Marit hadde 4 barn:

Ragnhild 1877-1968, neste brukar

Knut 1880-1965, g.m. Anne Andersdr. Nuvstad Laurgard 1885-1954, til Nuvstad

Ingebrikt 1883-1970, g.m. Anne Åsmundstad, Heidal, g.2.m. Ragnhild Myrum 1894-1981.

Til Skottlien.

Pauline (Lina) f.1886, g.m. Hans Olsen Bjørnstad ø. f.1887

Ragnhild Sagsletten 1877-1968 var gift med Knut E Moen, Lom 1874-1964, dei hadde sonen Jakob 1909-1994, neste brukar

Erik f.1910

Magnus f.1913

Sagsletten gnr. 10 bnr. 21, Øyhuslykkja bnr. 23 og sætra bnr. 22 vart frådelt frå sygard Snerle i 1981 med skjøte frå Ivar Snerle til Jakob K Sagsletten. Jakob vart 1934 gift med Eli K Uppheim f.1909 dotter til Knut Uppheim f.1879 og Liv Vangen, Ål f.1887, dei hadde 3 barn:
Ragnhild Liv f.1934, g.m. Per Nyhagen
Knut f.1940, g.m. Svanhild Lorås
Egil f.1952, neste brukar

Egil overtok i 1994. Han vart 1980 gift med Anne Sjetne, Lillehammer f.1952 dotter til Brynjulv Sjetne f.1917 og Anne Mali Strømseng, Tynset f.1916. Egil og Anne har 2 barn:
Mali f.1980
Jakob f.1983

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Rusten nørðre

Iver Olsen f.ca.1802 d.etter 1875 var i 1865 husmann med jord undre nørðre Snerle. Iver vart 1827 gift med Ragnild Syversdotter Snerle Rusten øvre 1801-1878 dotter til Syver Syversen Rusten øvre f.1775 og Anne Hansdotter 1781-1845. Iver og Ragnhild hadde 6 barn:
Ole f.1827
Anne f.1830
Syver f.1834, neste brukar
Ole 1837-1899, g.m. Kari Olsdtr. f.ca.1840, dei hadde barna Ragnhild f.1864, Ole f.1866,
Ragnhild f.1869, Jacob 1871-1872
Anne f.1842, på Rusten i 1900
Kari f.1847

I 1875 og 1900 var Syver Iversen f.1834 husmann med jord på nørðre Rusten. Syver vart 1866 gift med Gunhild Torsdotter Ellingsbøeie, Heidal 1830-1915.

I 1910 var Ole Rusten f.1884 på plassen nørðre Rusten. Han var gift med Kari f.1875, dei hadde 2 barn:
Rønnaug f.1906
Anne f.1910

Søre Ulsletten gnr. 11 bnr. 5 vart frådelt frå megarden Snerle i 1919 med skjøte frå Ole I Lunde til Knut P Ulsletten for kr 7000. Dette ser ut til å ha omfatta nørðre Rusten.

Mari Paulsdotter Ulsletten f.1886 vart 1913 gift med Ola Hansen Brekken 1881-1954, Mari og barna budde i 1920 på Ulsletten. Da Ola døydde i 1954 vart han nemnd som småbrukar på Rusten. Truleg kom dei til Rusten da sonen kjøpte bruket i 1944. Mari og Ola hadde 5 barn:

Paul Olsen f.1909, neste eigar

Hans Olsen f.1914

Magnus Olsen 1916-2000

Marit f.1921, g.m. Hans Rusten 1912-1983. Øvre Rusten.

Olav f.1924, g.m. Ragnhild Tøndevoldshagen f.1926. På Sandbushaugen.

Nørdre Rusten gnr. 11 bnr. 8 vart i 1943 frådelt frå søre Ulsletten gnr. 11 bnr. 5 med skjøte i 1944 frå Knut Ulsletten til systersonen Pål O Brekken Ulsletten f.1909 for kr 4000.

Pål Ulsletten f.1909-1984 var gift med Ragnhild Klashaugen, Heidal f.1910.

Harald Rusten f.1945 overtok etter morbroren i 1980. Han bur på øvre Rusten.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen: div. notat om Rusten

Bjula Ulsletten: div. om slekt på Rusten

Rusten øvre – Syver-Rusten

Syver Rusten hadde 2 barn (var han også far til Syver Syversen?):

Ragnhild f.1748

Ole f.1758

Syver Syversen Rusten vart 1775 gift med Ragnhild Olsdotter f.ca.1741 d.1824, i 1801 var ho enkje som dreiv plassen. Syver vart nemd som Rusten frå barnefødsel i 1778. Syver og Ragnhild hadde truleg 8 barn:

Syver f.1775, tenar på Sandbu i 1801, neste brukar

Ole f.1778

Mari f.1781

Mari f.1782

Knut f.1786

Elen f.1787

Ejner 1789-1853 vart 1818 gift med Ingeborg Halvorsdotter Formoeie f.ca.1798. På Rusten

Rønnov f.1792

Truleg var det Syver Syversen som i 1801 vart gift med Anne Hansdotter f.ca.1781 d.1845 (nemnd som Rusten da ho døydde). Syver og Anne hadde 4 barn:

Ragnild f.1801
Syver 1805-1879, neste brukar
Kari f.1807
Rønnaug f.ca.1808
Kari f.1810

Syver Syversen 1805-1879 var i 1865 husmann med jord, i 1875 var han føderådsmann. Systema Rønnaug Syversdotter f.ca.1808 d.1890 bestyrde i 1865 hushaldninga og budde også der i 1875. Ho hadde med Lars Nilsen Holbø 1 barn:

Hans Larsen f.1843, neste brukar

Hans Larsen Rusten f.ca.1843 d.1912 var i 1875 og 1900 husmann med jord på Rusten. Hans vart 1873 gift med Kari Jakobsdotter Rottenseie f.ca.1845 d.1923. Hans og Kari hadde 6 barn:

Jacob 1868-1895

Syver 1873-1879

Iver f.1877, g.m. Barbro Paulsdtr. f.1878. Dei hadde sonen Hans f.1898, han budde her i 1900 og 1920.

Syver 1881-1946, neste brukar

Mari f.1885

Rønnaug f.1889

Øvre Rusten gnr. 10 bnr. 5 vart 1920 frådelt frå sygard Snerle med skjøte frå Mathias Snerle til Syver H Rusten for kr 5000. Syver f.1881 vart 1904 gift med Gunhild Flekkøy Haugen, Skjåk f.1879 dotter til Paul Larsen. Enkja Gunhild P Rusten fekk i 1946 tinglyst at ho sat i uskifta bu. Bergheim gnr. 10 bnr. 10 vart frådelt frå Rusten i 1949 og seld til svigersonen Hans Brekken. Syver og Gunhild hadde 4 barn:

Kari f.1904

Gunhild 1910-1987, g.m. Hans Brekken 1903-1973. Til Bergheim.

Hans 1912-1983, neste brukar

Anne Pauline f.1915, g.m. Harald Nymo, Sel

I 1949 var det skjøte frå Gunhild P Rusten til sonen Hans. Hans Rusten 1912-1983 vart 1939 gift med Marit Ulsletten f.1921, dei hadde 4 barn:

Gunhild f.1940, g.m. Håkon Ulsanden

Marie f.1942, var g.m. Bjørn Larsen

Harald Magne f.1945, neste brukar

Liv f.1952, g.m. Kåre Ulsanden

Harald overtok etter faren i 1980. Same året overtok han nørre Rusten etter onkelen.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Eirik Haugen: div. notat om Rusten
Bjula Ulsletten: div. om slekt på Rusten

Bergheim – Per-Rusten

Hans Larsen Svareie f.ca.1796 vart 1822 gift med Guri Tostensdotter Sandbueie Haugen n. f.1803 dotter til Tosten Jacobsen Haugen n. 1759-1835 og Guri Arnesdr. Myrom s. d.1775. Enkja Guri Thorstensdotter var i 1865 og 1875 føderådscone. Ved barnefødsel i 1824 var dei på Øyeneie, frå 1828 var dei husmannsfolk på Rusten under søre Snerle. Hans og Guri hadde 7 barn:

Peder 1823-1888, neste brukar

Jakob f.1824

Marit 1828-1828

Guri f.1829, g.m. Erik Knutsen Rottensbakken f.ca.1825, dei hadde sonen Anton f.1870

Guri hadde med Ole Iversen Rusten sonen Thor

Ole 1832-1833

Marit f.1834

Thorsten f.1838 (Hans Rusten oppgav seinare Anders Knutsen Sagsletten som barnefar)

Ole f.1845

Peder Hansen var i 1865 og 1875 husmann med jord på Rusten under sygard Snerle. Peder vart 1855 gift med Kari Olsdotter Høyberg, Sel f.ca.1833 dotter til Ole Olsen Høyberg. Peder var husmann på Rusten da han døydde i 1888.

Truleg var det dette som var Per-Rusten som er eit anna namn på Bergheim i dag. Etter at Per vart borte kom bruket saman med øvre Rusten. Eit anna namn som har vore brukt er Hålsæter, det er uviss om det kan ha vore ein frå Hålsæter i Heidal som har vore her.

Bergheim gnr. 10 bnr. 10 vart frådelt frå Rusten øvre gnr. 10 bnr. 5 i 1949 med skjøte frå Gunhild P Rusten til svigersonen Hans Brekken. Hans Brekken 1912-1983 var son til Mathias Plassen og Kari Brekken. Hans vart 1943 gift med Gunhild S Rusten 1910-1987, dei hadde 2 barn:

Kari f.1946, neste eigar

Gudrun f.1949, g.m. Odd Engelshus

I 1987 var det heimelsovegang til Kari Brekken og Gudrun Engelshus. Kari fekk heimel til heile eigdommen i 1992. Kari var g.m. Armand Lorås, Otta f.1947, dei har 2 barn:

Unni Merete f.1968, g.m. Erik Lund

Heidi f.1974

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Seeiendom.no
Eirik Haugen: div. notat om Rusten
Bjula Ulsletten: div. om slekt på Rusten

Rusten

Det er uklårt kvar dette var, men det var under sygard Snerle slik at det kan vera ein del av Øvre Rusten eller Bergheim i dag.

Ener Syversen søre Snerleeie 1789-1853 var frå Syver-Rusten son til Syver Syversen Rusten Ragnhild Olsdotter f.ca.1741. Ener vart 1818 gift med Ingeborg Halvorsdotter Formoeie f.ca.1798. Ved barnefødsjar vart dei nemnde som husmannsfolk frå 1818. Enkja Ingebjør Halvorsdotter var i 1865 føderådskone. Ener og Ingeborg hadde 6 barn:

Ragnhild 1818-1830

Kari f.1821

Syver f.1824-1894, g.m. Kari Guttormsdr. Sletteie Slettbrenna, Heidal 1810-1891. Til Thorsgard i Skårvangen.

Syver f.1828

Ragnild f.1833

Ole 1839-1880, neste brukar

Ole Enersen 1839-1880 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Rusten under sygard Snerle. Da han døydde i 1880 var han husmann på Rusten. Det er uklårt kvar dette var. Ole vart 1864 gift med Anne Stenersdotter Rottenseie f.ca.1841 dotter til Stener Iversen Rottenseie. Ole og Anne hadde 5 barn:

Ingeborg f.1862, g.m. Ola Jacobsen Nuvstad. Til Grothe.

Einar f.1865

Knut f.1867

Johannes f.1871

Kari f.1877

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Eirik Haugen: div. notat om Rusten

Rusten midtre – Jørn-Rusten

I 1801 var Jørgen Knutsen husmann under nedre Bjørnstad. Jørgen f.ca.1726 d.1810 vart 1753 gift med Elleiv Knutsdotter f.ca.1726 d.1807. Ved dødsfall i 1807 og 1810 vart dei nemnde som Rusten. Jørgen og Eli hadde 2 barn:

Anne f.1755

Berit f.1758

Svend Olsen Rusten f.ca. 1777 d.1829 var gift med Kari Olsdotter 1777-1869. I folketeljinga 1801 står det at Svend er beslekta med førre brukaren og skal ha plassen. Enkja Kari budde på Midt-Rusten i 1865. Svend og Kari hadde 2 barn:

Jørgen 1801-1870, neste brukar

Bereth 1805-1848, g.m. Paul Siverson Bjørnstadeie 1809-1888. Til Rusthaug.

Jørgen Svensen 1801-1870 vart 1821 gift Gunhild Olsdotter Øyseiet 1797-1877. Ved barnefødsjar frå 1828 vart dei nemnde som husmannsfolk på Rusten/Bjørnstadeie, før dette som inderstar. I 1865 var Jørgen og Gunild føderådsfolk på det som da vart nemnd som Midt-Rusten, i 1875 var enkja Gunild Olsdotter føderådskone. Jørgen og Gunhild hadde 6 barn:

Ole f.1822

Kari f.1825

Marit f.1828, ho hadde barna Anne Olsdr. og John Svendsen. På Rusten i 1875.

Anne f.1831

Ymbjør f.1836

Kari f.1841

I 1865 var Hendrik Amundsen f.ca.1834 husmann med jord på Midt-Rusten. Henrik Amundsen Tolstadeie vart 1864 gift med Rønnaug Martinsdotter Bjølstadeie Brubakken nørdr f.ca.1841. Dei var etter 1865 på Ruste eller Tolstadeie, men folketeljinga har også med den førre familien som føderådsfolk og det viser at Henrik og Rønnaug var her. Henrik og Rønnaug hadde 3 barn:

Amund f.1864

Rønnaug f.1872

Iver f.1875, i Sagdalen

I 1875 var Kari Erlandsdotter f.1835 husmannsenkje med jord. Kari Erlandsdotter Aabakken var gift med John Nilsen Sælatunga 1830-1873, i 1865 budde dei i Sælatunga. Kari reiste til USA i 1885. Kari og John hadde 4 barn:

Nils f.1858

Erlend f.ca.1860

Ymbjør f.ca.1864

John f.1867

I 1900 var Hans Olsen husmann med jord. Hans Olsen Morken, Sel 1846-1932 var son til Ole Hansen Morken, Sel og Ragnhild Hansdtr. Myrum. Hans vart 1886 gift med Barbro Iversdotter Brekken 1845-1921 dotter til Iver Isaksen f.1809 og Anne Olsdtr. f.1801. Iflg. Norsk gardsbruk var slekta på Rusten frå 1890; ved barnefødsel i 1884 var dei i Vågå, i 1886 på Dovre og i 1890 på Rusten. Hans og Barbro hadde 3 barn:

Ole 1884-1971, neste brukar

Anne f.1886

Reidar f.1890

I 1920 var Ole Rusten husmann. Rusten gnr. 9 bnr. 8 vart frådelt frå nedre Bjørnstads skog i 1923 med skjøte frå brukseigar Olav Formo til Ole H Rusten for kr 14000. Midtre Rusten skog gnr. 9 bnr. 25 vart frådelt frå nedre Bjørnstad skog i 1945 med skjøte frå Vågå kommune til Ole H Rusten for kr 1900.

Nils Kolden, Lom f.1925 på Gjelbakken i Nordherad kjøpte Rusten gnr. 9 bnr. 8 og 25 i 1966. Sonen Odd Helge Kolden f.1955 overtok i 1980.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen: div. notat om Rusten

Bjula Ulsletten: div. om slekt på Rusten

Rusthaug – Haugen

Nedre Bjørnstad hadde tidlegare heimsæter her, det som blir kalla «Kvea» ligg vest på jordet.

Christen Ellefsen f.ca.1733 d.1807 var i 1801 husmann under nedre Bjørnstad. Christen vart 1755 gift med Imbjør Siversdotter, dei hadde 3 barn:

Ellef 1752-1754

Anne f.1759

Ellef f.1765

Christen vart 1776 gift andre gong med Kari Syversdotter f.ca.1750 d.1824. Ved barnefødsel i 1780 vart Christen nemnd som Rusten. Christen og Kari hadde 1 barn:

Syver 1780-1852, neste brukar

Syver Christensen Rusten vart nemnd som husmann da han døydde i 1852. Syver vart 1805 gift med Brit Olsdotter f.ca.1773 d.1845. Syver og Brith hadde 2 barn:

Ingri f.1806, g.m. Svend Pedersen Bjørnstad f.ca.1800. Dei hade dottera Kari 1834-1845

Paul 1809-1888, neste brukar

I 1865 og 1875 var Paul Syversen husmann med jord. Paul Siverson Bjørnstadeie 1809-1888 vart 1833 gift med Brit Svendsdotter Bjørnstadeie 1805-1848 på nabobruket Jørn-Rusten dotter til Svend Rusten f.ca.1777 og Kari Olsdr. f.ca.1778. Paul og Brit hadde 5 barn:

Ingri 1834-1836

Ingrid f.1836, neste brukar

Kari 1840-1843

Ole 1844-1844

Kari 1848-1848

Paul vart 1853 gift på nytt med Marit Jakobsdotter Teigen Tolstadeie f.1823 dotter til Jacob Jacobsen Teigen. Paul og Marit hadde 4 barn:

Jakob f.1849

Guri 1852-1921, hadde med Mosling Andreassen Stordalen 2 barn: Marit f.1878 og Kari f.1883 som budde på Rusthaug. Guri hadde med enkjemann Syver Olsen Plassen f.1856 1 barn: Paul f.1886. Guri g.1893 m. John Johnsen Randen 1831-1902, 1 barn Ole f.1894. I 1910 budde Guri saman med dottera Kari og hennar barn Gudrun f.1905 og Paal f.1910 i nedre Bakken i Synslien

Ole f.1854

Kari 1865-1865

I 1875 var Ingri Paulsdotter ugift og budde i Rusten. I 1900 budde den ugifte Ingri Paulsdotter f.1836 på Harehaugen/Rusten, i 1910 budde ho på Jørn-Rusten. Ingri hadde med John Knutsen Sandbueie 1 barn:

Paul Johnsen f.1858, g.m. Mari Knutsdr. Brun f.1857. Til søre Ulsletten.

Truleg var et ikkje nokon som budde på Rusthaug fyrste delen av 1900-talet.

Jakob Rusten 1902-1982 kjøpte litt jord og dyrka opp meire. Rusthaug gnr. 9 bnr. 9 vart frådelt frå Bjørnstadskogen gnr. 9 bnr. 2 i 1936 med skjøte frå Lillehammer sparebank til Jakob O Rusten for kr 1900. Rusthaugen skog gnr. 9 bnr. 29 vart frådelt frå Bjørnstadskogen i 1945 med skjøte frå Vågå kommune til Jakob O Rusten for kr 500. Jakob var frå nedre Rusten son til Ole J Rusten f.1859 og Brit Hansdr. Tordstuen f.1869. Jakob flytta frå på 1960-talet og budde på Ulsletten.

Bjula Ulsletten f.1942 overtok etter onkelen i 1972. Ho er dotter til Pål Ulsletten 1897-1975 og Marit Rusten n. f.1912. Bjula vart 1964 gift med Åsmund Johansen, Båtsfjord f.1930 son til Fritjof Johansen, Alstadhaug f.1878 og Edvarda Smelror f.1894. Bjula og Åsmund flytta til Rusthaug i 1995, dei budde tidlegare i Ringsaker. Bjula og Åsmund har 2 barn:

Finn Pål f.1965

Morten Emil f.1966

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen: div. notat om Rusten

Rusten nedre

Ole Olsen Skaarvang Haagenstadejet f.ca.1795 d.1885 vart 1820 gift med Kari Syversdotter Grev f.ca.1796 d.1863. Ved barnefødsler var dei husmannsfolk på Rusten under Bjørnstad frå 1832. Ole var legdslem på Rusten da han døyde 1885. Ole og Kari hadde 5 barn:

Mari 1822-1901, neste brukar

Rønnov f.1826

Mari f.1832

Sjugurd f.1835

Ole f.1837, g.m. Imbjør Olsdr. Taug, Sel f.ca.1847, dei hade 4 barn: Ole f.1872, Anton f.1874, Christian f.1876, Anne f.1883

Mari vart 1845 gift med Knut Braaten n. 1821-1911 son til Ole Knutsen Bråtå 1791-1873 og Imbjør Olsdr. nordre Kleppeie 1798-1885. I 1859 var det husmannskontrakt frå Christen Paulsen Bjørnstad til Knut Braaten. Knut og Mari kom seinare til Ner-Bråtå i Sjørdalen der han kom frå. Knut var omgangsskulelærer. Knut og Mari hadde 6 barn:

Ola f.1846

Ola f.1849, til Amerika 1870

Knut 1853-1929, g.m. Ingrid Imbretsdtr. Åsen n. 1857-1944. Ner-Bråtå

Imbjør f.1857, til Amerika 1882

Hans f.1860, til Amerika

Kari 1864-1871

Knut hadde med Anne Iversdr. Kleiveneie sonen:

Ola f.1844, til Amerika

Johannes Jakobsen 1828-1913 var i 1865 og 1875 husmann på nedre Rusten. Johannes Jacobsen Sagsletten var son til Jacob Knutsen Rottenseie 1788-1865 og Ragnhild Thorsdr. Sandbueie f.ca.1793 d.1873. Johannes vart 1857 gift med Gunhild Olsdotter Braaten 1836-1910 dotter til Ola Knutsen Bråten nedre og Imbjør Olsdr. Kleppeie n. 1798-1885. Dermed overtok dei etter bror hennar. Ved barnefødsel i 1859 var Johannes og Gunhild på Braaten/Kleppeie, i 1866 på Rusten. I 1900 var dei føderådsfolk på nedre Rusten. Husa på Rusten vart flytta til dit dei er nå, tidlegare stod dei lenger nede i bakken. Johannes og Gunhild hadde 4 barn:

Ragnhild 1856-1873

Ole f.1859, neste brukar

Jakob 1866-1945, g.m. Anne Torsdr. Hesthagen. Til Amerika 1884. Nord-Dakota

Iver 1874-1914, g.m. Mari Olsdr. Skulmesterstugu. Til Amerika 1898. Nord-Dakota.

Ole var i 1900 husmann med jord. Nedre Rusten gnr. 9 bnr. 5 vart i 1915 frådelt frå nedre Bjørnstad med skjøte frå Nymo Brug O Formo og H Grindal til Ole J Rusten for kr 3000. Ole

vart 1889 gift med Brit Hansdotter Tordstugu f.1868 dotter til Hans Engebretsen og Rønnaug Syversdtr. Snerleeie f.ca.1837 d.1901. Ole og Brit hadde 6 barn:

Gunhild f.1889, g.m. Hans Eriksen Bakken, Skårvangen

Hans 1891-1974, neste brukar

Johannes f.1894

Jakob 1902-1982, til Rusthaug

Rønnaug f.1905, g.m. Ola Hansen Siem

Marit f.1912, g.m. Pål Ulsletten 1897-1975

Hans O Rusten overtok etter mora i 1935 med skjøte for kr 2875 inkl. lausøyre kr 1000 samt føderåd kr 1500. Hans flytta frå på 1960-talet og budde på Ulsletten.

Bjula Ulsletten f.1942 overtok etter onkelen i 1972. Ho er dotter til Pål Ulsletten 1897-1975 og Marit Rusten f.1912. Bjula vart 1964 g.m. Åsmund Johansen, Båtsfjord f.1930, dei bur på nabobruket Rusthaug.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Eirik Haugen: div. notat om Rusten

Bjula Ulsletten: div. om slekt på Rusten

Holongsøyen søre – Haugen søre

Løpenr. 15 gnr. 12 bnr. 1 matrikelnr. 11 av gammel skyld 1 skinn

Syver Enersen Sør-Sandbu f.ca.1707 var son til Ener Siverson Hole f.ca.1651 og Gunild Pedersdtr. Håkenstad. Siver Enersen var gift med Marit Siversondotter som det var skifte etter i 1767, dei hadde 7 barn:

Anne f.ca.1746

Einar 1748-1748

Enner f.ca.1749 d.1796, g.1795 med Rønnov Pedersdotter.

Siver f.ca.1753

Gunnhild f.1755 d.før 1767

Per f.1759 d.før 1767

Kari f.1759 d.før 1767

I 1784 var det skifte etter Ejner Larsen som var daud. Han var gift med Kari Pedersdotter Sør-Sandbu, dotter til Peder Enersen Sør-Sandbu f.ca.1687 f.1738 og Marit Thorsdtr.

Romundgard f.1698 d.ca.1765. Ener Larsen og Kari hadde 8 barn:

Mari f.1765

Ejner f.1767, neste brukar
Rønnoug 1770-1840, g.m. Anders Olsen 1754-1834. Til Bråtå.
Gunnild f.1771
Lars f.1775, seinare brukar
Ingrid f.1776
Kari f.1778
Peder f.1779, seinare brukar

Ener Enersen f.1767 må ha overteke etter faren.

Lars Enersen vart nemnd i 1797 i samband med årleg avgift samt overdraging frå Ener Enersen. Lars Enersen var i 1801 husmann med jord under nigard Sandbu.

I 1826 var det kontrakt om overtaking av plassen frå Lars Enersen til Peder Enersen, Lars Enersen og hustru fekk føderåd.

Søre Haugen var eigd av brukaren på nigard Sør-Sandbu. I 1800 var det skjøte frå Tord Pedersen Sandbu til sonen Tosten Tordsen Sandboe for 100 rd.

I 1818 var det skjøte frå Tosten Thorsen til broren Paul Thorsen Romungard Sve for 100 spd.

I 1840 var det skjøte frå Paul Thorsen Sve til Iver Nilsen for 400 spd. I 1835 var Iver forpaktar på Svare, og i 1860 fekk han skjøte på Svenstad og flytta dit. Iver Nilsen Øigarden 1806-1890 vart 1834 gift med Mari Paulsdotter Frisvold ne., Lom f.ca.1796 d.1875. Iver og Mari hadde 3 barn:

Rønnog f.1833
Nils 1835-1837
Paul 1840-1919, brukar på Svendstad

I 1863 var det skjøte frå Iver Nilsen til Ener Pedersen Løkken. Ener Pedersen var gift med Anne Marie Ingebrigtsdotter d.ca.1863. I 1865 var Ener konkurs. Ener og Anne Marie hadde 1 barn:

Eline Johanne f.ca.1847

I 1867 var det auksjonsskjøte til Nils Olsen Brustuen for 600 spd. Nils Olsen f.ca.1839 var i 1865 gardbrukar og sjølveigar. Han var gift med Kari Syversdotter Ryen, Heidal f.ca.1836 dotter til Syver Andersen Ryen, Heidal. Kari hadde 1 barn:

Ingeborg Hansdotter f.ca.1853

I 1870 var det skjøte frå Nils Olsen Brustuen til Tore Syversen Næset for 400 spd. I 1910 vart han nemnd som gardbrukar og sjølveigar. Tore 1831-1919 var son til Syver Thoresen Haagenstadeie Lilleengen. Thore vart 1864 gift med Anne Jonsdotter Bjølstadeie, Heidal

1835-1917 dotter til John Pedersen Bjølstadeie. Tore og Anne var i 1865 forpaktarar på Stokstadneset. Tore og Anne hadde 2 barn:

Syver 1873-1875

Mari f.1875, seinare brukar

I 1910 var halve garden bortforpakta til Paul Andersen Øien 1878-1975. Han var gift med Guri Knutsdotter Grindstuen f.1874, dei kom seinare til Vistekleiven. Paul og Guri hadde 9 barn:

Anders 1899-1967, g.m. Maria Olsdr. Ulsanden s. 1898-1975

Knut 1901-1978, g.m. Marit Ingebretsdtr. Botte, Lom 1900-1990. Til Vetlesæter i Lom.

Ole 1903-1978, g.m. Kari Knutsdtr. Ødegård 1906-1990

Hans 1905-1977, g.m. Marit Syversdtr. Bakken ø. i Synslien 1909-1987.

Simen 1908-1994, g.m. Helma Flatåsen 1909-1994.

Jakob 1911-1997, g.m. Klara Torsteinsdtr. Brun 1915-2001

Gudbrand 1914-1989

Gunhild f.1916

Pål f.1919, g.m. Ida Iversdtr. Øyen Kveen 1920-2003.

Guri hadde med Knut Iversen Kvernhusbakken f.1873 1 barn:

Jakob f.1893-1963, g.m. Marit Syversdtr. Grothe, Sel 1897-1986

I 1920 budde Martinus Syversen Plassen og familien på Haugen gnr. 12 bnr. 1. Martinus 1884-1955 som var anleggsarbeidar var gift med Anne Erlandsdotter Løkken f.1884-1949. Dei kom seinare til Øygarden nørdrø. Anne hadde sonen:

Einar Klausen Plassen f.1900

Martinus og Anne hadde 5 barn:

Syver f.1905

Albert f.1908 (Lunner)

Gudrun f.1911 (Sel)

Marie f.1911 (Sel)

Anna f.1920

Mari Toresdotter vart 1911 gift med Iver Paulsen Ulsletten f.1882 son til Paul Jonsen Ulsletten s. f.1858 og Mari Knutsdtr. Brun f.1857. I 1920 var enkja Mari Toresdotter Haugen f.1875 gardbrukar. Mari og Iver hadde 2 barn:

Anne 1905-1905

Teodor f.1908

I 1924 var det skifteskjøte i Mari Thoresdtr. Haugens bu til Theodor Iversen Haugen 1908-1931 for kr 13400.

Gudrun Kleiven 1909-1978 overtok i 1932, ho var dotter til Ola Kleiven f.1877 og Ymbjørg Svelstad f.1879. Gudrun Kleiven og Theodor Haugen hadde 1 barn:

Ivar f.1931, neste brukar

Ivar Haugen overtok i 1955, hjemmelsovergang frå Theodor Iversen Haugen til hans einaste livsarving Ivar T Haugen vart tinglyst i 1956. Ivar vart 1955 gift med Else Holen f.1934 dotter til Ola T Holen og Kari Einstulen. Ivar og Else har 3 barn:

Gunnar f.1956, neste brukar
Kjell Ola f.1963, sbm Siv Fredriksen
Kari Unni f.1968, g.m. Torleif Fjeld

Gunnar overtok i 1997, han vart 1982 gift med Gunn Eilefstad, Nord-Fron f.1952 dotter til Sigurd Eilefstad f.1927 og Åse Slåen f.1929. Gunnar og Gunn har 2 barn:

Linda f.1982
Pål f.1984

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom,
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar
Svein Kleiven: notat om Grindstuen mm.

Rokkemoen

Johan Iversen Brekken f.1833 var son til Iver Isaksen Brekken 1809-1897 og Anne Olsdr. Veggumbakken 1809-1892. Johan vart 1858 gift med Anne Syversdotter Snerleeige f.1829. Dei budde fyrst på Rustbrekken, så i Bersvendstugu før dei bygde på Rokkemoen. I 1888 reiste familien til Amerika. Johan og Anne hadde 8 barn:

Isak f.1856
Anne f.1858
Kari f.1860, til Rennebu i 1880
Anders f.1862
Marit f.1865
Mari f.1866, til Amerika 1888
Ola f.1871, til Amerika 1888
Anna f.1872, til Anerika 1888

Da Johan f.1833 og familien reiste til Amerika i 1888 flytta broren Ola til Rokkemoen. Ole 1836-1917 vart 1869 gift med Marit Gregorsdotter Myrom, Skjåk 1844-1916, dei hade 8 barn:

Ole 1868-1942, g.m. Mari Iversdr. Øygarden 1867-1947. På Øygarden.
Anne f.1869, til Amerika
Johan f.1872, til Trondheim
Marit f.1874, til Amerika
Gudbrand f.1876
Mari f.1879, g.m. Ola Flåten Karusbakken
Anders f.1881

Ola 1884-1949,. neste brukar

Ola 1884-1949 vart 1918 gift med Gunhild Jakobsdotter Sæta 1892-1923, dei hadde 2 barn:
Jakob Brekken f.1915, g.m. Emma Lovise Knutstr. Uppheim f.1924
Marit f.1918, neste brukar

Moen gnr. 12 bnr. 4 vart 1954 frådelt frå søre Haugen gnr. 12 bnr. 1 med skjøte i 1956 frå Ivar T Haugen til Sigurd Holen for kr 900. Sigurd vart 1948 gift med Marit Brekken, dei hade 6 barn:

Oddgeir
Kjell
Svein

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketejingar

Tor Stallvik: notat om Brekkenslekt

Holongsøyen uplassert

Skoskatten 1711 nemnde Steener Hollingsøen med kvinne og tre barn. Steener Olufsen d.ca.1718 var gift med Beredt Jonsdotter, dei hadde 3 barn:

Jon
Guri
Marit f.ca.1698

Ola frå Holungsøyen hadde 2 barn:

Dorte f.1748
Imbjørg f.1754

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Mette Vårdal, 2018: Ligesaaavel i Vadmel som i Fløiel

Holongsøyen nördre – nördre Haugen

Løpenr. 16. Gnr. 16 bnr. 1, matrikelnr. 15 av gammel skyld 1 skinn.

I 1795 var det skjøte på Holongsøyen 1 skinn frå Amund Stades arvingar til Lars Amundsen for 70 rd. Amund Olsen Stade var frå Sandbu oppigard sør f.ca.1731 d.ca.1782 son til Ole Iversen Sandbu f.ca.1694. Amund var gift med Torø Larsdotter Stade, dei var på søre Stade og hadde fleire barn, bl.a

Lars 1775-1840, (Stade-Lars) g.m. Kari Knutsdotter

I 1802 var det skjøte på Holongsøyen 1 skinn frå Lars Amundsen til Ole Guttormsen for 160 rd. Amund Stade var onkel til Ole Guttormsen Sandbu u. 1751-1831.

I 1825 var det skjøte frå Ole Guttormsen til Guttorm Olsen på denne egedommen og Sandbu.

I 1861 var det skjøte frå Guttorm Olsen til Ole Guttormsen på denne egedommen og Sandbu for 1800 spd.

Jacob Tostensen f.ca.1732 d.1815 vart 1757 gift med Marit Olsdotter f.ca.1735 d.1810. I 1801 var Jacob husmann med jord. Jacob og Marit hadde 5 barn:

Tosten 1759-1835, neste brukar

Ole f.1762

Anne f.1765-1847, g.m. Ole Pedersen

Hans f.1773

Guri f.ca.1776

Tosten Jacobsen vart 1797 gift med Guri Arnesdotter Myrum s. f.1775 d.etter 1865 dotter til Arne Andersen Myrum f.ca.1724 og Guri Thoresdtr. Holen Huse f.ca.1731 d.1814. Tosten og Guri hadde 7 barn:

Jacob 1797-1882, neste brukar

Ole f.1799

Guri f.1803, g.m. Hans Larsen Svareeie f.ca.1796

Marit 1807-1807

Anne f.1809

Anders el. Anne f.1810

Arne f.1811

Jacob var gift med Gunhild Syversdotter Bjørnstadeie Øyen 1800-1865 dotter til Syver Johannesen f.ca.1744 d.1812 og Rønnaug Hansdtr. Jakob og Gunild hadde 9 barn:

Tosten f.1821, neste brukar

Rønnov f.1823

Jakob f.1824

Guri 1828-1907, g.m. Knut Kristensen Bjørnstadeie 1829-1919. Til Grindstugu n.

Mari f.1831

Hans 1834-1836

Marit f.1840

Hans f.1842, til Amerika 1870

Gunhild f.1836

Tosten Jacobsen 1821-1896 vart 1852 gift med Anne Poulsdotter Sanden el. Skaaraeie, Sel f.ca.1822 d.1885 dotter til Poul Tostensen. Tosten og Anne hadde 8 barn:

Gunild 1847-1933, g.m. Knut Knutsen Brun 1849-1906

Jacob f.1850, neste brukar
Kari f.1853, g.m. Gudbrand Olsen Sunde s. f.1854
Marit 1856-1927, g.m. Ola Hansen Myrum n. f.1853
Paul f.1859, Kvæfjord i Troms
Ragnild f.1862, til Amerika
Ole f.1866, til Amerika
Johannes f.1871, til Amerika

Jakob Tostensen vart 1874 gift med Kari Halvorsdotter Slaaen el. Daleeie, Sel f.ca.1839 dotter til Halvor Olsen Slaaen. Jakob og Kari budde i 1910 i ei stugu på Haugens grunn, dette var mellom Haugen og Furumo. Jakob og Kari hadde 4 barn

Tosten f.1874, neste brukar
Ole f.1876, seinare brukar
Paul f.1880, til Amerika
Hans f.1886, g.m. Rønnaug Barnål. Til Furumo.

Tosten J Haugen fekk i 1898 feste på Haugen og engstykket Holongsøyen. I 1900 var det likevel faren Jakob som stod som husmann og Tosten som jordbruksarbeidar. Tosten reiste til Amerika i 1903.

I 1910 var Ole Haugen gardbrukar og sjølveigar, han fekk i 1909 skjøte på Haugen gnr. 16 bnr. 4 frå Ole G Sandbu for kr 2200. I 1910 kjøpte han også Holongsøyen nordre gnr. 16 bnr. 1 for kr 3000, dette var arealet nedanfor vegen. Haugalykkja gnr. 12 bnr. 2 vart i 1911 frådelt frå søre Haugen og kom da under nördre Haugen. Ole var gift med Gunhild Dalen f.ca.1885, familien var på Randen da Jakob vart fødd i 1905. Ola og Gunhild hadde 4 barn:

Jakob 1905-1997, neste brukar
Ragnhild 1906-1989.g.m. Paul Andvord 1902-1984. På Austrem n.
Kari 1908-1995, g.m. Hans E Holen, Heidal 1904-1995, til Sundhågå
Anne 1910-1938, g.m. Pål Kleiven nördre 1911-1992

I 1933 var skjøte frå Ole J Haugen og hustru til sonen Jakob O Haugen på denne eigedom gnr. 16 bnr. 1 og 4 for kr 3000 inkl. lausøyre kr 1200. Skjøtet vart vedteke av hjemmelshaver Ole og Kari Sandbo.

Gunnar Helge Holen 1945-2006 son til Kari og Hans Holen overtok etter onkelen i 1974. Gunnar vart 1973 gift med Kari Hølmo f.1949 dotter til Harald Hølmo f.1916 og Tora Sandbu f.1923. Gunnar og Kari har 3 barn:

Ole Jakob f.1974, neste brukar
Hallstein f.1976, g.m. Ingvill Håkenstad f.1979
Torgeir f.1981, smb. Anita Helen Myrvang, Lesja f.1983

Ole Jakob overtok i 2006, han vart 2006 gift med May Bente Kolden, Lom f.1976. Dei har 2 barn:

Mari f.2002, smb. Jørn Kjetil Perstuen Solbakken f.1996

Ola f.2005

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Kari Hølmo Holen: div. slektsopplysningar

Stugu på Haugen

Vest for tunet på nørdrø Haugen, der det er bygd reidskapshus, stod det ei stugu. I 1910 og 1920 budde Mari Pedersdotter Pillarvikhaugen der. Mari f.1858 var i 1900 stugujente på Valbjør. Mari hadde med Hans Hansen Sandbuhaugen 1 barn:

Paul Pillarvikhaugen 1888-1977

Pål overtok stugu, han var i fyrste ekteskap gift med Ragnhild Sundhagen 1885-1940 i Lillehagen/Sundhågå og budde der. Pål og Ragnhild hadde mange barn, bl.a.

Kari f.1920

Kari var gift med Olaf Galstad f.1919 og dei budde her ei tid under krigen. Dei hadde 2 barn:

Ragnhild 1942-2003, g.m. Jens Aas

Eli f.1944, g.m. Erling Holen f.1942

Kjelder:

Digitalarkivet: kyrkjebøker, folketeljingar

Kari Hølmo Holen: div. slektsopplysningar

Haugen øvre

Thord Simonsen f.ca.1760 d.1816 var i 1801 husmann med jord under Sandbu. Thord vart 1789 gift med Ragnild Johanedotter f.ca.1766 d.1846, dei hade 4 barn:

Gunhild f.ca.1790

Johannes 1792-1856, neste brukar

Ragnild 1794-1873, g.m. Jakob Knutsen Rottenseie 1788-1865. Til Sagsletten.

Simen f.1798

Johannes var gift med Ragnhild Endresdotter, dei hadde 2 barn:

Thor 1821-1910, neste brukar

Mari f.1830

Thor Johannesen Haugen 1821-1910 vart 1853 gift med Anne Rasmusdotter Huset 1826-1909 dotter til Rasmus Olsen Svarehuset 1791-1839 og Anne Amundsdotter Bu f.1792, Anne f.1792 var i 1865 enkje og føderåds-kone på Haugen. I 1865 og 1875 var Thor husmann med jord, i 1900 var dei føderådsfolk på øvre Haugen. Thor og Anne hadde 3 barn:

Ragnhild f.1854

Anne f.1856

Marit f.1858, neste brukar

Øvre Haugen gnr. 15 bnr. 3 vart 1910 frådelt frå Sandbu nigard sør med skjøte i 1911 frå Knut Flatmo til Ole Olsen Øvre for kr 3000. Ola var son til Anne Olsdr. Øvre, Sel f.1838. Ola f.1864 var gift med Marit Torsdotter Haugen f.1858, dei hadde 2 barn:

Ola 1887-1973, neste brukar

Thor f.1891

I 1935 var det skjøte frå Ole O Øvre og hustru til sonen Ole O Haugen for kr 2000 inkl. lausøyre kr 1200 samt føderåd kr 2000. Ola Haugen vart 1922 gift med Guri Lien 1890-1967 dotter til Ole Jonsen Stordalen Holshaugen Lien f.1861 og Johanne Jonsdotter Syslien Bondesensplass 1855-1941. Ola og Guri hadde 1 barn:

Olav 1922-2000

Guri hadde med Hans Paalsen Enget 1 barn:

Julie 1915-1992, g.m. Jakob Randen 1905-1989. Til Lien/Lihaug

Olav overtok etter faren i 1959. Olav vart 1963 gift med Marit Tomter, Torpa 1911-1973.

Gerd Marie Randen f.1940 fekk heimel til eigedommen i 2008. Ho var gift med Gunnar Randen, Lihaug 1940-2008 som var son til Julie Lien Randen 1915-1992.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Lien – Lihaug – Myrvoll

Gnr. 16 bnr. 5 og 11, gnr. 14 bnr. 4

Soldat Endre Olsen 1731-1795 vart 1767 gift med Marit Arnesdotter f.ca.1734 f.1805. I 1770 vart det brukt namnet Myrom, som forlovar i 1786 vart Endre nemnd som Lien. Endre og Marit hadde 2 barn:

Ole f.1770, neste brukar

Arne f.1776

Ole Endresen Myrom f.ca.1770 d.1850 vart 1793 gift med Torø Svendsdotter Bjørnstad ø.
1769-1826 dotter til Svend Pedersen Bårstad f.ca.1746 d.1812 og Kari Halvorsdr. d.1786.
Ole og Torø var i 1801 husmannsfolk på Sandbueie. Ole og Torø hadde 3 barn:

Peder 1796-1870, neste brukar
Svend f.1800
Ole f.1805

Peder Olsen Sandboejet vart 1823 gift med Marit Andersdotter Sandboejet 1798-1847. Peder og Marit hadde 4 barn:

Ole f.1826, neste brukar
Anders f.1832
Thorø 1836-1918, g.m. Anders Hansen Sandbushaugen 1828-1917
Barbro f.1839

Peder vart 1850 gift på nytt med Gunild Arnesdotter Braaten f.ca.1812 d.1895 dotter til Arne Larsen Bråten Ulabråten 1789-1871 og Else Olsdr. Øyseie 1785-1861. Peder og Gunild hadde 4 barn:

Imbjør f.1849
Svend f.1853, på nikkerverk i Nordland i 1875
Anders f.1856, seinare brukar
Ole f.1860

Gunhild hadde tidlegare 1 barn:

Hans Olsen f.1830, i Lien i 1875

Ole Pedersen fekk i 1879 feste på Lien. I 1875 var Ole husmann med jord. Han var gift med Rønnaug Hansdotter f.ca.1831, dei hadde 4 barn:

Mari f.1860
Hans f.1866
Gunhild f.1870
Anders f.1875

Anders f.1856 vart 1878 gift med Oliane Sørensdotter, Sel f.ca.1851 dotter til Søren Olsen Haugeneie Sørenstugu, Sel. Ved barnefødsler til 1890 var Anders og Oliane i Lien, og frå 1894 på Øyen/Bjornstadeie. Anders og Oliane hadde 7 barn:

Paul 1878-1975, neste brukar
Søren f.1882, g.m. Mima Storhaugstugu, Vestre Toten
Ole f.1885
Simen f.1887
Gunhild f.1890
Jakob f.1894
Ragnhild 1897-1958, g.m. Ola O Myrum

Paul Andersen Øyen fekk i 1903 feste på Lien. I 1910 var Paul Øien forpaktar av halve søre Haugen. Paul var gift med Guri Knutsdotter Grindstuen 1874-1939, dei kom seinare til Vistekleiven. Paul og Guri hadde 9 barn:

Anders 1899-1967, g.m. Maria Olsdtr. Ulsanden s. 1898-1975
Knut 1901-1978, g.m. Marit Ingebretsdtr. Botte, Lom 1900-1990. Til Vetlesæter i Lom.
Ole 1903-1978, g.m. Kari Knutsdtr. Ødegård 1906-1990
Hans 1905-1977, g.m. Marit Syversdtr. Bakken ø. i Synslie 1909-1987.
Simen 1908-1994, g.m. Helma Flatåsen 1909-1994.
Jakob 1911-1997, g.m. Klara Torsteinsdtr. Brun 1915-2001
Gudbrand 1914-1989
Gunhild f.1916
Pål f.1919, g.m. Ida Iversdtr. Øyen Kveen 1920-2003.
Guri hadde med Knut Iversen Kvernhusbakken f.1873 1 barn:
Jakob f.1893-1963, g.m. Marit Syversdtr. Grothe, Sel 1897-1986

Lien gnr. 16 bnr. 5 vart frådelt frå Sandbu oppigard sør i 1911 og seld i 1912 til Ole J Holshaugen. Ole Jonsen Holshaugen f.1861 var frå Stordalen son til Rannei Rasmusdtr. Stordalen d. 1833. Ole vart 1890 gift med Johanne Jonsdotter Syslien Bondesensplass 1855-1941 dotter til Jon Jakobsen Ringneset 1820-1882 og Guri Olsdtr. Sønsteng f.1820. I 1900 var Ole og Johanne husmannsfolk på Holshaugen under Mo, dei hadde 6 barn:

Jon f.1887
Rannej 1888-1888
Guri 1890-1967, g.m. Ola Haugen øvre 1887-1973. Guri hadde dottera Julie 1915-1992.
Gunild f.1893
Anne f.1899
Ragnhild 1902-1936

Lihaug gnr. 16 bnr. 11 vart frådelt frå Lien i 1930 og seld til Ola O Myrum.
Myrvold gnr. 14 bnr. 4 vart frådelt frå Søreim og seld til Ola O Myrum i 1930.
Ola O Myrum nørdrø f.1891 var gift med Ragnhild Andersdotter Øien 1897-1958, dotter til Anders Lien f.1856 og Olliane Sørensdotter, Sel f.ca.1851.

Jakob Randen 1905-1989 var son til Knut Grind og Rønnaug Maristuen. Jakob vart 1935 gift med Julie Lien 1915-1992 dotter til Guri Lien Haugen 1890-1967 og Hans Paalsen Enget. Julie var barnebarn til Johanne og Ole J Holshaugen Lien. Jakob Randen kjøpte Lien i 1937 og fekk skjøte frå Ole J Lien for kr 2000 samt føderåd kr 900. Jakob kjøpte Lihaug og Myrvoll av Ola O Myrum i 1939. Jakob og Julie hadde 3 barn:

Knut f.1935, g.m. Gjertrud Marie Thorstuen f.1936
Gunnar 1940-2008, neste brukar
Jan Johan f.1943, g.m. Reidun Aasheim

Gunnar overtok i 1973. Han vart 1962 gift med Gerd Steinum f.1940 dotter til Jan Steinum f.1908 og Rønnaug Flaten f.1912. Gunnar og Gerd har 2 barn:

Jens Roar f.1962, neste brukar
Anne-Gunn f.1964, g.m. Stein Løkken

Jens Roar er gift med Lena Stensgard f.1963, dei overtok garden i 1999. I 1999 vart gnr. 16 bnr. 5 samanslege med gnr. 16 bnr. 11 og gnr. 14 bnr. 4. Jens og Lena har 3 barn:

Jon f.1990

Mari f.1992

Erik f.1996

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Svein Kleiven: notat om Grindstuen mm.

Myrum midtre (søre fram til 1911)

Arne Andersen f.ca.1724 vart 1749 gift med Guri Thoresdotter Holen Huse f.ca. 1731 d.1814 dotter til Tore Jonsen Holen 1692-1765, ho var i 1801 enkje og mor til husmannen. Arne og Guri hadde 11 barn:

Anne f.1748

Sigri f.1752

Marit f.1754

Imbjør f.1757

Tore 1759-1839, g.m. Rønnaug Olsdr. 1768-1838. Til nørdre Myrum.

Anders f.1762

Ole f.1764, neste brukar

Karen f.1767

Mari f.1769

Arne f.1772

Guri f.1775

Denne familien har vi plassert på søre Myrum, men dei kan like gjerne ha vore på nørdre Myrum. Sønnene Tore og Ole vart brukarar på kvart sitt Myrumsbruk.

Ole Arnesen f.ca.1763 d.1827 var i 1801 husmann med jord og han vart nemnd på Myrum frå 1794. I 1799 fekk Ole Arnesen og etterkomarar festeseddel på plassen Lien eller Myrum. Ovanfor søre Myrom er det att tomter som skal ha vore etter ein Liengard som vart teke i Storofsen i 1789, og dette har truleg vorte ein del av søre Myrum. Ole vart 1793 gift med Brith Knutsdotter f.ca.1768 d.1810, dei hadde 6 barn:

Guri f.1794

Imbjør 1796-1880, g.m. Nils Tordsen Sælatunga 1793-1863

Rønnov f.1799

Svein f.1800

Arne 1802-1874, neste brukar

Ymbjør f.1805

Arne Olsen Sandbuejet vart 1822 gift med Brith Olsdotter Huset f.ca.1794 d.1881 dotter til Ola Rasmussen Huset f.1854. Arne Olsen og kone fekk føderåd i 1859. Arne var i 1865 bruksfullmektig på Klones. Arne og Brith hadde 2 barn:

Anne 1823-1852, neste brukar
Berith f.1826

Anne Arnesdotter vart 1845 gift med Thor Jacobsen Sandbueie 1820-1902 son til Jacob Knutsen Sandbu. I 1858 fekk Thor Jacobsen og kone tinglyst festeseddel på plassen Lien eller Myrum frå eigaren av nigard Sandbu. Thor og Anne hadde 2 barn:

Ragnhild f.1846
Brit f.1851

Thor Jacobsen Myrum vart 1860 gift på nytt med Marit Olsdotter Grothe f.ca.1833 d.1869 dotter til Ole Eriksen Grothe. Thor og Marit hade 5 barn:

Jacob f.1857
Ole f.1860
Anne f.1862
Kari f.1864
Thor 1866-1867

Thor vart 1873 gift for tredje gong med enkje Rønnoug Olsdotter Myrum n. f.1829 dotter til Ole Hansen Resvoll Myrum n. f.ca.1796 d.1882 og Rønnaug Thoresdotter Øyagarden f.ca.1800 d.1877. Rønnaug f.1820 budde i 1865 som enkje på Myrum nördre, ho vart 1845 gift med Johannes Olsen Sandbu f.ca.1801 d.1864 son til Ole Andersen Baarstadeie, dei hadde 5 barn:

Mari f.1841
Kari f.1846,
Rannveig f.1853
Ole f.1857
Ragnhild f.1861, neste brukar

Torstein Iversen Viste u. 1854-1907 var son til Iver Olsen Viste u. 1813-1854 og Mari Olsdtr. Sandbu nig.-sør. 1812-1893. Torstein vart 1889 gift med Ragnhild Johannesdotter Myrum s. 1861-1945. Søre Myrom vart i 1911 delt i to, det som vart Myrom midtre gnr. 15 bnr. 5 vart frådelt frå nigard Sandbu i 1911 med skjøte frå Knut Flatmo til Ragnhild J Myrum for kr 1700. Sonen Ivar fekk skjøte på den andre delen som vart Myrom søre og bygde seinare opp hus der. Ragnhild og Torstein hadde 4 barn:

Ivar 1890-1976, g.m. Kari Rolvsdtr. Stordalen 1888-1974. Til søre Myrom.
Johannes 1894-1972, ugift. Neste brukar
Mari 1899-1985, g.m. Jakob Gundersen 1910-1972
Ola 1906-1972, g.m. Anne Jonsdtr. Sandviken 1902-1986

I 1934 var det skjøte frå Ragnhild J Myrum til sonen Johannes for kr 1500 inkl. lausøyre kr 1000 samt føderåd kr 1500. Johannes Myrum søre 1894-1972 var son til Torstein Iversen Viste u. 1854-1907 og Ragnhild Johannesdotter Myrum s. 1861-1945. Johannes var ugift.

Torstein Myrum 1912-1989 frå søre Myrum overtok etter onkelen i 1972. Torstein var son til Ivar Myrum s. 1890-1976 og Kari Rolvsdotter Stordalen 1888-1974. Torstein vart 1940 gift med Margot Gundersen f.1921 dotter til Gudor Gundersen og Klara Sandviken. Torstein og Margot hadde 4 barn:

Eva f.1941, g.m. Magnar Haugeng
Bjørg f.1943, var g.m. Anders Hagen
Kari f.1948, g.m. Johannes Melgård, Sør-Fron
Liv f.1953, g.m. Hans Høstmælingen

Tor Myrum f.1963 overtok etter bestefaren i 1989. Tor er son til Bjørg Myrum f.1943. Tor er sbm. Liv Olsveen, Sel f.1964 dotter til Erling Olsveen, Brøttum f.1932 og Marie Lien f.1934. Tor og Liv har 3 barn:

Hanne f.1988
Torstein f.1990
Espen f.1994

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekten på Fellese med Viste søre
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Roy Myrum

Myrum søre

Myrom søre gnr. 15 bnr. 6 vart frådelt frå nigard Sandbu i 1911 med skjøte frå Knut Flatmo til Ivar T Myrum for kr 2000. I Norske gardsbruk står det at Ivar overtok etter faren i 1916. Søre Myrum og midre Myrum var fram til 1911 eitt bruk som da vart delt. Det vart bygd hus på søre Myrum midt på 1930-talet, fram til denne tida budde alle på midtre Myrum. Ivar vart 1911 gift med Kari Rolvsdotter Stordalen 1888-1974 dotter til Rolv Johnsen Stordalen f.1866 og Mari Pedersdr. Gjelbakken 1857-1913. Ivar og Kari hadde 10 barn:

Torstein 1912-1989, g.m. Margot G Gundersen f.1921. Til midtre Myrum.
Rolv 1914-1997, g.m. Myrtle Aslaug Rhode Larsen f.1919
Johannes 1917-1988, g.m. Anne Holen 1923-1948, g.2.m. Ragnhild A Bråten f.1926
Magnus f.1920, g.m. Marit Runningen 1926-1978
Ivar f.1922, ugift
Olav f.1925, g.m. Olga Enden 1924-1997
Erling f.1927, g.m. Mari Bakke f.1930
Kristian f.1929, g.m. Marit Kristinen Skarthol f.1929
Ragnvald f.1932, neste brukar
Ragnhild f.1935, g.m. Odd Ingolf Johansen f.1932

Ragnvald overtok etter faren 1965. Ragnvald vart 1958 gift med Kari Alvilde Viken, Nes på Romerike f.1936 dotter til Karsten Viken f.1900 og Klara Dystlien f.1905. Ragnvald og Kari hadde 4 barn:

Anita f.1959, g.m. Helge Frikstad
Mette f.1961, g.m. Tor Randen
Roy f.1963, neste eigar
Kjell Ivar f.1971

Roy Myrum overtok etter faren i 1999.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekten på Fellese med Viste søre
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar
Roy Myrum

Myrum nørdr

Tore Arnesen Myrom søre 1757-1839 vart 1799 gift med Rønnoug Olsdotter 1768-1838. Tore og Rønnoug hadde 3 barn:

Guri f.1799
Rønnaug 1801-1877, neste brukar
Arne 1803-1804

I 1865 og 1875 var Ole Hansen husmann med jord på nørdr Myrum, i 1875 vart han også nemnd som føderådsmann. Ole Hansen Resvoll f.ca.1796 d.1882 var son til Hans Hansen Helle 1765-1852 og Kari Johannesdtr. Valde n. 1764-1834. Ole vart 1819 gift med Rønnaug Thoresdotter Øyagarden f.ca.1800 d.1877. Ole og Rønnaug vart nemnd som gardfolk på Øyagarden i 1824, men både før og etter var dei på Myrum/Sandbueie. Ole og Rønnaug hadde 13 barn:

Rønnaug f.1820, i 1865 budde ho om enkje på Myrum, ho var gift med Johannes Olsen Sandbu f.ca.1801 d.1864. Rønnaug og Johannes hadde barna Mari f.1841, Kari f.1846, Rannveig f.1853, Ole f.1857 og Ragnhild f.1861. Rønnaug vart 1873 gift med enkjemann Thor Jacobsen Sagsletten Myrum s. 1820-1902 og kom til søre Myrum.

Kari f.1821
Thore 1823-1823
Guri f.1824
Gunild f.1826
Hans 1828-1914, neste brukar
Ole f.1830
Gunild 1833-1833
Johannes f.1835

Gunild f.1835
Hans f.1838
Thorsteen f.1841
Mari f.1844

Hans Olsen Sandboeie 1828-1914 vart 1850 gift med Marit Jacobsdotter Blesumeie 1826-1893 dotter til Jacob Poulsen Blesumeie. I 1900 var Hans treskjærar og føderådsmann. Hans og Marit hade 8 barn:

Rønnoug f.1851
Ole f.1853, neste brukar
Poul f.1855
Tosten f.1857, g.m. Marit Andersdtr. Reierhaugen f.1851
Hans f.1860
Barbro f.1863
Johannes f.1865
Jacob f.1868

Myrom nördre gnr. 15 bnr. 4 vart frådelt frå nigard Sandbu i 1911 med skjøte frå Knut Flatmo til Ola Hansen Myrom for kr 3300. Ola Hansen Myrom 1853-1938 var gift med Marit Haugen nördre 1856-1927 dotter til Tosten Jakobsen 1821-1896 og Anne Paulsdtr. Sanden, Sel. Ola og Marit hadde 7 barn:

Anne f.1880, til Amerika
Rønnaug f.1882, g.m. Jakob Hansen Rundhaugen 1877-1953
Hans f.1886, til Amerika
Thorsten f.1889, til Amerika
Ole f.1891, g.m. Ragnhild Øyen f.1893. Til Lihaug
Ragnild f.1894
Johannes 1896-1979, neste brukar

Johannes overtok etter faren i 1928 med skjøte for kr 3250 inkl. lausøre kr 1250 samt føderåd kr 2500. Johannes vart 1940 gift med Rønnaug Tøfte, Sel 1916-2002 dotter til Østen Tøfte f.1885 og Gunhild Jesprikplassen f.1888. Johannes og Rønnaug hadde 5 barn:

Marit f.1940, g.m. Arne Hagen
Gunhild f.1943, g.m. Magnus Lillebråten
Ragnhild Johanne f.1946, g.m. Magne Hagen
Øystein Olav f.1953, var g.m. Oddveig Sagflaten
Jan Tore f.1961, sbm. Tove Josten, til Slettmo i Sel.

Jørgen Johannes Hagen f.1959 fekk heimel til eigedommen i 2022. Han er son til Marit Myrom og Arne Hagen.

Kjelder:
Pål Øystein Kvarberg, 2000:
Norske gardsbruk 1953-1997

Synnes-stugu

Dette er ei stugu ved den gamle vegen like vest for nørdrø Myrum. Ola Synnes f.1890 var gift med Karen Løkken f.1890. I folketeljinga 1920 budde den ugifte Karen på Hagen (Rottenshågå) saman med Jakob P Hagen f.1879. Seinare vart Karen gift med Ola Synnes og budde her. Karen og Jakob hadde 1 barn:

Johanna J Hagen f.1910, g.m. Kristian Byre, Garmo

På 1960- og 70-talet budde Hermann Steen 1907-1989 i Synnes-stugu. Herman var son til Halvor Eriksen Steen, Nesset 1872-1963 og Katrine Fredrikke Larsdotter, Tingvoll 1866-1936. Hermann var gift i andre ekteskap med Fredrikke, dotter til Olia og Magnus Magnussen. Herman og Fredrikke hadde 4 barn:

Mary f.ca.1948

Hilmar 1948-2023, g.m. Ester Gjeilosjordet, Lom f.1958

Frank f.1954, g.m. Jarnfrid Gjeilosjordet, Lom f.1957

Heidi f.1964

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Jørgen Hagen

Furumo

Furumo har også vorte kalla Haugastugu. I Norske gardsbruk står det at Hans J Haugen kjøpte udyrka jord av Bosse og Søren i 1917. Han bygde dermed opp eit nytt bruk. Men det var faren som fekk skjøte på denne jorda. Hans J Haugen f.1886 frå nørdrø Haugen var son til Jakob Tostensen Haugen n. f.1850 og Kari Halvorsdtr. Slåen Daleeie, Sel f.ca.1839. Furumo gnr. 15 bnr. 13 vart 1918 frådelt frå nigar Sandbu med skjøte frå Ewald Bosse til Jakob Tostensen Haugen for kr 200. Utsikten gnr. 13 bnr. 3 på Holongssætrene vart 1910 frådelt frå Uleberg med skjøte frå S. W. Andersen til Jakob T Haugen for kr 300,-.

I 1937 var det skjøte på 13-3 og 15-13 frå Jakob T Haugen til Hans J Haugen for kr 1000 samt føderåd kr 1000. Hans vart 1918 gift med Rønnaug Barnål, dei hadde 6 barn:

Kari f.1919, g.m. Olav Hanslien

Ragnhild f.1921, g.m. Hans H Ulsanden

Jakob f.1925, neste brukar

Hans f.1927, g.m. Ågot Hansen

Klara f.1929, g.m. Jakob Gjetsiden
Anne f.1933, g.m. Helge O Øvre f.1933

Jakob overtok etter faren i 1956.

Stine Bismo f.1989 og Anders Aasheim f.1989 fekk heimel til Furumo i 2013. Anders er son til Vidar Aasheim og Eldbjørg Holen, gjennom mora er Anders tippoldebarn til Ola Haugen nørdrø f.1876 som var bror til fyrste brukaren her Hans J Haugen.

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm
Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Bjørgen

Erik Hansen Bjørgen 1808-1881 var i 1865 husmann med jord, i 1875 føderådsmann. Erik Hansen Sørum var son til Hans Teigen, Erik vart 1836 gift med Guri Knutsdotter Kleppeie 1808-1877 dotter til Knut Bergum. Ved barnefødsel i 1836 var Erik og Guri i Bjørgen, dei hadde 6 barn:

Rønnoug f.1836

Guri 1840-1845

Knut 1843-1845

Knut f.1846, neste brukar

Guri 1850-1884, ho hadde sonen Peder Olsen f.1862 som budde i Bjørgen i 1875.

Kari 1851-1852

I 1875 var Knut Eriksen Bjørgen 1846-1926 husmann med jord under Søreim. Han vart 1874 gift med Marit Pedersdotter Pillervigen 1846-1891 dotter til Peder Hansen Pillervigen. Knut og Marit hadde 1 barn:

Hans f.1890

Knut Bjørgen som da var dagarbeidar vart 1900 gift på nytt med Mari Jonsdotter Pladsen f.1859 dotter til Jon Hansen. I 1900 budde dei på Nesset, i 1910 budde Knut i stugu på Bjørgen og i 1920 var han enkjemann på Haugalykkja ved Uleberg.

I 1900 og 1910 var Hans Knutsen Bjørgen f.1861 husmann med jord. I 1920 var han småbrukar. Hans Bondestuen var son til Knut Eriksen Kathullet og Ymbjør Hansdtr. Bondestuen f.1841. Hans vart 1886 gift med Ragnhild Pedersdotter Skjellen Næbnæset 1862-1947 dotter til Peder Pedersen. I 1891 budde Hans og dei to eldste barna saman med mor hans Ymbjør. I 1892 og 1895 var Hans og Ragnhild husmannsfolk på Vassdokken og frå 1898 i Bjørgen. Hans og Ragnhild hadde 10 barn:

Ymbjør f.1884

Karl f.1887

Ragnhild f.1889
Mari f.1892
Hans f.1895
Ola f.1898, neste brukar
John 1901-1990, seinare brukar
Gustav f.1903, g.m. Marie Høgåsen
Iver 1906-1988, seinare brukar
Marie f.1910, g.m. Ola Damstuen

Bjørgen gnr. 14 bnr. 2 vart 1919 frådelt frå Sørem med skjøte i 1918 frå Iver Lunde til Ole Hansen Bjørgen for kr 2500.

I 1947 var det skjøte frå Ole Hansen Bjørgen til broren John Hansen Bjørgen for kr 2500 inkl. lausøyre kr 500. John var ugift.

Iver overtok etter broren i 1963. Han vart 1940 gift med Marit A Nyløkken 1908-1969 dotter til Anton Nyløkken og Marit Granrud. Iver og Marit hadde 1 barn:

Målfrid f.1941, neste eigar

Målfrid overtok etter faren i 1988 (ho fekk tinglyst heimel i 1974). Målfrid vart 1968 gift med Erik W Seim, Tynset f.1937 son til Peder Seim f.1885 og Sigfrid Moen f.1901. Målfrid og Erik har 2 barn:

Per-Ivar f.1968

Geir Vidar f.1970

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Reiarhaugen

Reiarhaugen låg mellom Lihaug og øvre Haugen. Johan Isaksen Havstrøm frå Sverige var gift med Karen Jonsdotter, Halden. Dei kjøpte Tonning i Stryn. I 1801 budde Johan Tonning på Sagsletten medan han bygde hus på Reiarhaugen. Han hadde stampe og dreiv med garveri og limkoking. Johan og Karen hadde 1 barn:

Isak 1776-1811,

Isak var gift med Sigril Nilsdotter Bersvendstuen 1786-1822. Sigril vart seinare gift med Knut Olsen Ulsetten 1788-1837. Isak og Sigril hadde 1 barn:

Iver 1809-1897, g.m. Anne Olsdotter Veggumbakken 1809-1892. Til nørdrø Brekka

I 1865 var Ander Andersen Reierhaugen 1821-1894 husmann med jord under Sørem og stampar, i 1875 står det at han også var også skreddar og eigar av ei vadmålsstampe. Da Anders døydde i 1894 stod han med bupel Myrom. Anders Andersen Østremseie var son til Anders Endresen Østremseie. Anders vart 1845 gift med Ragnhild Jakobsdotter Sandbuseie f.ca. 1823 d.1869 dotter til Jakob Knutsen Sandbueie. Ved barnefødsler i 1851 og etter 1865 var dei på Reierhaugen. Anders og Ragnhild hadde 7 barn:

Anders f.1845

Ragnhild f.1848

Marit f.1851, g.m. Tosten Hansen Myrom f.1857, hadde sonen Anders f.1878

Jakob f.1856

Anne 1865-1866

Johanne f.1869

Ragnhild f.1869

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljinger

Bjula Ulsletten: om lokalisering

Gunhild Brekken Aaboen og Ola Grøslund, Vågå – sagt og skrivi 2017: Ei handverkarslekt i Vågå